




Hornindal kommune

1

*«Frå bru til bru \_vegen gjennom Hornindal*

*Frå generasjon til generasjon \_vegen gjennom kulturhistoria»*



Honndøla bru og Honndalsrokk , Indre Hornindal

**Tematisk kommunedelplan for**

**Kulturminne \_ Kulturmiljø 2016 - 2019**

*Frå Meld. St. 35 (2012-2013) Framtid med fotfeste-  
Kulturminnepolitikken;*

*Meld. St. 35 (2012–2013)*

*Gjennom ca. tolv tusen år har menneske levd, virka og sett spor etter seg i det som i dag er Norge. Mange av spora er forsvunne, dels på grunn av erosjon, forvitring og gjengroing, og dels på grunn av aktivitetane til dei generasjonar som har kome etter. Kulturminne og kulturmiljø som er her i dag, er resultat både av tilfeldigheter og av at ein bevisst har valt å ta vare på dei. Desse kulturminna er uerstattelige kjelder til kunnskap og opplevingar. Dei omfattar alt frå element i kulturlandskapet, som gravhaugar og steingjerder til bymiljø og tekniske og industrielle anlegg. Desse spora, og samanhengen mellom dei, er ein del av det levande samtidsmiljøet og utgjer også eit viktig grunnlag for morgondagen sitt samfunn.*

*Kulturminne og kulturmiljø er ikkje-fornybare  
ressursar. Blir dei øydelagt eller fjerna, er dei tapt for  
alltid.*

**Planen er digital og ein anbefaler å fylgje lenkene for å få  
grundigare informasjon.**

## Innhold

0 INNLEIING .....	4
<b>0.1 Generelt om lokale kulturminneplaner .....</b>	<b>4</b>
<b>0.2 Lokal kulturminneplan for Hornindal .....</b>	<b>5</b>
1 OM KULTURMINNEPLANEN .....	6
<b>1.1 Mål og visjon for lokale kulturminneplanar .....</b>	<b>6</b>
<b>1.2 Plangrunnlag og integrering i kommunal planlegging og verksemd .....</b>	<b>7</b>
<b>1.3 Korleis tek vi vare på kulturminna? .....</b>	<b>8</b>
<b>1.4 Planlegging .....</b>	<b>8</b>
<b>1.5 Økonomiske støtteordningar .....</b>	<b>8</b>
<b>1.6 Råd og rettleiing .....</b>	<b>8</b>
<b>1.7 Fylkeskommunen sine oppgåver .....</b>	<b>9</b>
<b>1.8 Kommunen sine oppgåver .....</b>	<b>9</b>
<b>1.9 Universell utforming .....</b>	<b>10</b>
<b>1.10 Kulturminne og verdiskaping .....</b>	<b>10</b>
<b>1.11 Resultatvurdering .....</b>	<b>11</b>
2 KVA ER EIT KULTURMINNE ? .....	11
3 HISTORISK DEL – KULTURMINNEARVEN.....	12
<b>3.1 Vår eldste historie .....</b>	<b>13</b>
<b>3.2 Vår nyare historie .....</b>	<b>16</b>
4 HANDLINGSDEL KULTURMINNEPLAN 2016 – 2019.....	27
<b>4.1 SATSNIGSOMRÅDER OG BESKRIVING AV PRIORITERTE OBJEKT .....</b>	<b>28</b>
<b>4.2 HANDLINGSPROGRAM.....</b>	<b>32</b>
<b>4.4 KART – Fylkesatlas .....</b>	<b>83</b>
<b>4.5 VEDLEGG 1 Handlingsprogram, og objektliste med tiltaksplan 2016 – 2019 .....</b>	<b>84</b>
<b>4.6 OBJEKTILSTE med TILTAKSPLAN .....</b>	<b>85</b>
<b>4.7 Kommentar til handlingsprogram og tiltaksplan .....</b>	<b>87</b>
5 OPPSLAGSDEL.....	87
<b>5.1 Aktuelle Lover, planer og retningslinjer– Plangrunnlag.....</b>	<b>88</b>
<b>5.2 Ordforklaringar.....</b>	<b>89</b>
<b>5.3 Kjelder : brukt i arbeidet med kulturminneplanen, og kjelder der du kan finne meir om kulturminne i, eller funne i, Hornindal .....</b>	<b>92</b>
<b>5.4 Ulike databaser og nettsider som er viktige no og i vidare arbeid med kulturminneregistrering og forvaltning. ....</b>	<b>93</b>
<b>5.5 Tilskotsordningar .....</b>	<b>94</b>
<b>5.6 Kulturminne som har vore tekne fram under arbeidet med kulturminneplan.....</b>	<b>94</b>

## 0 INNLEIING

### 0.1 Generelt om lokale kulturminneplaner

#### Lokale kulturminneplanar

Lokale kulturminneplanar er ei satsing frå Sogn og Fjordane fylkeskommune på utvikling av lokale kulturminneverdiar.

4

#### **Samarbeidsprosjekt**

Sogn og Fjordane fylkeskommune samarbeider med Riksantikvaren om satsinga. Satsinga, Lokale kulturminneplanar, rettar seg direkte mot kommunane og deira arbeid med forvaltning av kulturminneverdiar.

#### **Kulturminne på dagsorden i kommunane**

Kommunen er ein hovudaktør i forvaltninga av kulturhistoriske verdiar og har eit enormt potensial til å utvikle attraktive og verdiskapande lokalsamfunn. Samstundes er det stor interesse og mykje lokalt engasjement knytt til historie, kulturarv og kulturminne.

Mange kommunar og lokalsamfunn, museum, lag, foreiningar og enkeltpersonar gjer ein stor innsats for å registrere og dokumentere kulturarven. Likevel går mange kulturminner tapt. Kommunar og innbyggjarar etterlyser kompetanse om kulturminnevern og oversikt over kulturminne i eigen kommune.

Som den største forvaltaren av kulturhistoriske verdiar har kommunane behov for å skaffe seg oversikt og sette kulturminner på dagsorden for å unngå meir tap av kulturminne.

#### **Lokal forankring**

Arbeidet med kulturminneregistrering og kulturminneplan skal ha lokalt eigarskap og forankring. Dette vil sikre lokalt engasjement og kompetanse.

Den lokale forankringa inneber at kommunane sjølv definerer prosessen og innhaldet, samt står for gjennomføringa fram til ferdig plan. Kommunane kan velje å gjere arbeidet sjølve, men kan også trekkje inn skular, museum, bibliotek, friviljuge, sogelag osv. i arbeidet.

Følg linken for å lese om kva oppgåver fylkeskommune og kommune har i forhold til kulturminneforvaltning;

[Kulturminneforvaltning](#) og om kulturminneplanar på ;

[KIK \(kulturminne i kommunen\) - Vegleiing og registrerings skjema](#)

## **0.2 Lokal kulturminneplan for Hornindal**

Utarbeiding av tematisk kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø er vedteke av kommunestyret i Hornindal. Gjennom arbeidet med planprogram og opne møter og kurs har ein informert om arbeidet og engasjert innbyggjarar til å bidra med kunnskap. Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø er den fyrste kulturminneplanen som er utarbeidd for Hornindal kommune. Andre planar og dokument har omtalt kulturminne og kulturmiljø. Det er og gjennomført tiltak og planlagt tiltak for å ta vare på kulturminne. Kulturminneplanen er ein tematisk kommunedelplan som inngår som del av kommuneplanen. Heimelen for utarbeidinga av kommunedelplanen er Plan og bygningslova § 11-1.

Tekstdelen i planen munnar ut i ein fireårig tiltaksplan, som vil bli kopla opp til økonomiplanen ved årleg rullering. Planen reviderast kvart 4. år. Både kommuneplanen, økonomiplanen og regionale og statlege retningslinjer legg føringar for arbeidet med kulturminne.

Når det gjeld kart har vi valt å lenke namnet for kvart objekt til fylkesatlas, i tillegg til lenker til ulike tema i fylkesatlas. Her får ein god oversikt på omsynsoner, freda kulturminner, SEFRAK registrerte bygg med meir.

Planarbeidet har vore organisert av kommunalsjef for oppvekst og kultur. I tillegg til kommunalsjef og prosjektleiar har næringsjef, plan og bygningssjef, politisk representant og lokal historikar delteke i arbeidsgruppa. Sogn og fjordane Fylkeskommune har delvis vore med i arbeidsgruppa som observatør og rådgjevar. I samarbeid med historielaget i kommunen har det vore gjennomført tre kulturminnekveldar, og i samarbeid med fylkeskommunen har det vore arrangert igangsetjingsmøte og registreringskurs i løpet av planprosessen. Prosjektleiar har delteke på kurs/samlingar/studieturar i regi av Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Studietur til Italia og Sogn som prosjektleiar har delteke på var ein del av satsinga på universell utforming/tilgjengeleggjering av kulturminne.

Planen fortel om kulturminne frå eldre og nyare tid. Kulturminne frå før år 1537 blir rekna som eldre, og blir omtala som fornminne. Kulturminne yngre enn år 1537, blir rekna som nyare kulturminne.

Kommunen kan velje å lage eit plandokument som kunn er mynta på saksbehandlarar i kommunen. Vårt mål har og vore å inkludere innbyggjarane, både for å få kunnskap, og å gje kunnskap. Vi ynskjer at planen skal kunne vere opplysende om kulturarven, og inspirere til å søke, og bidra med, meir kunnskap. I hovudsak er likevel planen eit styringsverktøy for satsing innan kulturminneforvaltning.

**«Tematisk kommunedelplan for kulturminne i Hornindal skal i hovudsak vere eit styringsverktøy for satsing innan kulturminneforvaltning».**

Planen har teke føre seg kulturminne innanfor dagens kommunegrensar, men i historia kjem ein likevel inn i geografiske områder som tidlegare låg i Hornindal. Den delen av historia er også ein del av Hornindal si kulturhistorie. Ein har ikkje lagt inn avgrensingar i forhold til tidsepoke. Gjennom planarbeidet har ein prioritert tre områder som. Dei tre områda er; A) Hornindals vassdraget- kulturminne/kulturmiljø knytt til vassdraget. B) Folkemusikk, song og dans. C) Viktige bygg, og stadar knytt til kulturarven. Andre område vil kunne prioriterast ved rulleringar av planen.

Når det gjeld dei prioriterte kulturminna og kulturmiljøa som no er tekne med i planen sin handlingsdel ligg desse innanfor dei tre områda som er prioritert fram til 2019.

For å sikre kulturminne og kulturmiljø etter plan- og bygningslova, må desse i ettertid følgjast opp i reguleringsplanar, og takast med i kommuneplanen sin arealdel. Kulturminneplanen skal vere førande for all byggesak og planhandsaming i kommunen.

I tillegg er det lagt vekt på dei objekt eller område der det offentlege alt har prioritert gjennom tilskot og tilrettelegging. Mesteparten av desse objekta ligg under satsingsområde C, viktige bygg og stadar knytt til kulturminnearven.

## 1 OM KULTURMINNEPLANEN

### 1.1 Mål og visjon for lokale kulturminneplanar

Målet er å sikre eit mangfald av representative kulturminne og kulturmiljø som fortel om vår kulturhistorie i eldre, og nyare tid. Vi har forsøkt å trekke fram kulturminner som er særmerkt eller som tydeleg representerer vår identitet. Dette er kulturminne som vi meiner må vernast om og takast med vidare inn i framtida. Gjennom tiltak og planar vil vi ta vare på og verne om utvalde kulturminner.

I planen ynskjer ein å utgreie

- kva kulturminne som skal registrerast før dei går tapt
- kva kulturminne som skal takast vare på
- kva tiltak som må i verksettast for at ein skal ta vare på kulturminna .

Kulturlivet skal vere inkluderande og ope for alle. Kultur er eit fundament i folkehelsearbeid og *bidreg til helse og trivsel* for innbyggjarane. Folkehelse er viktig i all kommunal planlegging. Kulturminnearbeidet er mellom anna å legge til rette for opplevingar, kunnskap og identitet. Formidlingsarbeidet bør difor vere ein sentral del av kommunen sin satsing på kulturminner. Det er mange måtar å formidle og legge til rette på. utfordringane er å velje dei rette historiene og formidle desse på ein fengande måte til ulike målgrupper.

I satsinga på kulturminne vil ein vurdere i kva grad kulturminna skal vere tilgjengelege, korleis dei skal vere tilgjengelege, og korleis dette kan gjerast mest mogeleg universelt. Kulturminna/-miljøa skal så langt som mogeleg kunne opplevast av alle.

***Planen skal vere ein levande plan som gjennom politiske prosessar vert brukt for å auke merksemd og kunnskap om kulturminne.***

Med ein kulturminneplan vil ein i forvaltninga innan plan-, areal-, og byggjesaker lettare kunne ta omsyn til kulturminneverdiane og gje ei meir effektiv handsaming. Planen vil vere til nytte for mellom andre oppvekstsektoren, næringsliv og kultursektor som kan nytte kulturminna til å skape kompetanse og opplevingar. For eigarar som ynskjer å søke eksterne midlar vil eit kulturminne som er med i kulturminneplanen kunne vere ein styrke ved tildeling av midlar frå t.d. Kulturminnefondet. Lokal registrering bidreg til at dei nasjonale databasane Askeladden, (og Kulturminnesøk som er ei publikumsutgåve av Askeladden), til ei kvar tid er oppdaterte.

[Kulturminnesøk](#)      [Askeladden](#)

7

## **1.2 Plangrunnlag og integrering i kommunal planlegging og verksemd**

- I forhold til arbeid med areal- og byggesaker,
- forankring i kommuneplanen sin samfunnsdel og
- forankring til arbeid med økonomiplan/ budsjettprosessar.

Framtid med fotfeste – [Meld. St. 35 \(2012–2013\)](#)

Leve med kulturminner. - [St.meld. nr. 16 \(2004-2005\)](#)

[Kommunedelplan med tilhøyrande arealdel for Hornindal \(2004\).](#)

### **Lovverk**

Det er i hovudsak to lover som vert nytta for å ta vare på spesielt verdifulle kulturminner: [kulturminnelova](#) og [plan- og bygningslova](#). Kulturminnelova vert forvalta av Riksantikvaren på nasjonalt nivå, og fylkeskommunar, sameting, arkeologiske landsdelsmuseum på regionalt nivå. Det finnast eigne forskrifter som skisserer ansvar og mynde til kvar av desse instansane.

[Lov om kulturminne \[kulturminneloven\].](#)

[Lov om offentlege styresmaktens ansvar for kulturverksemd \(kulturlova\)](#)

[Lov om planlegging og byggesaksbehandling \(plan- og bygningsloven\)](#) (PBL)

[Kulturminne, kulturmiljø og landskap Plan- og bygningsloven, vegleiar](#)

**PBL** er eit av kommunen sine verktøy i forvaltning av kulturminner, og omsynet til desse vert nemnd fleire stader i lova: § 11-8 omhandlar ulike omsynssoner: «*kommuneplanens arealdel skal i nødvendig utstrekning vise omsyn og restriksjonar som har betydning for bruken av areal. Hensyn og forhold som inngår i andre ledd, bokstav a til f, skal markeres i arealplanen som hensynssoner med tilhørende retningslinjer og bestemmelser*».

Bokstav c og d vert knytt til kulturminner. § 11-9 slår fast at kommunen, uavhengig av kommuneplanens arealformål, også kan vedta avgjerder om ulike omsyn der pkt 7 omhandlar bevaring av eksisterande bygningar og andre kulturmiljø. § 12-7 gjeld forhold til reguleringsplan. Pkt. 6 omhandlar avgjerder for bygningar, naturtypar og annan verdifull natur.

### **1.3 Korleis tek vi vare på kulturminna?**

For mange har ordet «vern» ein negativ klang, og forbindast med avgrensingar og økonomiske forpliktingar. Nokre kulturminne er av ein slik art at samfunnet tek grep som ikkje alle er einige i. Då er det viktig å halde fast ved at kulturminna er verdier som skal forvaltast på vegne av framtidige generasjonar. Vernearbeidet kan gi mange muligheiter, og det finns fleire muligheiter å velje mellom. Den største utfordringa er å finne dei gode løysingane for kvart enkelt kulturminne, og bruke verkemidlane kreativt og hensiktsmessig.

Verkemidlane som kan takast i bruk for å ta vare på kulturminner vert gjerne delt inn i fem kategoriar: a) lovverk, b) stortingsmeldingar og planverk, c) økonomiske støtteordningar, d) formidling og tilrettelegging og e) råd og rettleiing.

### **1.4 Planlegging**

Dei aller fleste kulturminner er ikkje beskytta gjennom lovverket, og det er viktig at kommunen tek eit hovudansvar for å sikre dei mest verdfulle kulturminna. Dette vert gjerne i første omgang gjort ved å utvikle ein kulturminneplan. Ei kartlegging og oversikt over kva som finns av verdfulle kulturminner i kommunen vil i seg sjølv auke medvit og vere positivt for vernearbeidet. Lokalkunnskap er dessutan ein føresetnad for å finne kreative og gode løysingar på kulturminnefeltet. Kulturminneplanen vil deretter kunne bli eit godt verktøy i byggesakshandsaming og vidare plan- og utviklingsarbeid i kommunen. Suksesskriterier er at planen er godt tverrfaglig forankra i administrasjonen og hos politikarane, vert følgd opp i praksis og at tiltak vert prioritert i budsjettsamanheng.

For vidare lesing: [Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging](#)

### **1.5 Økonomiske støtteordningar**

Freding eller vern vil i seg sjølv kun gje avgrensa vern for det enkelte kulturminne. Det aller viktigaste er at eigar sjølv er positiv og motivert for å ta vare på kulturminnet, noko som gjerne krev både kunnskap og økonomiske ressursar. Det er derfor viktig at kulturminneforvaltninga på alle nivå legg til rette for dette.

### **1.6 Råd og rettleiing**

Eit av dei viktigaste verkemidla er å sørge for at eigarar har tilgang på gode råd og god rettleiing. Dette gjeld både korleis dei praktisk skal ta vare på kulturminna på best mulig måte, korleis dei kan tilretteleggast for bruk, og korleis dei kan søke om tilskot.

### **1.7 Fylkeskommunen sine oppgåver**

Som regional kulturminnemyndigheit har fylkeskommunen eit delegert ansvar for dei automatisk freda kulturminna. Dette er kulturminne som er freda direkte etter lov og omfattar kulturminne frå tida før 1537. Alle ståande byggverk frå perioden 1537-1649, skipsfunn eldre enn 100 år og samiske kulturminne eldre enn 100 år, er også automatisk freda. Det betyr at dei er freda i kraft av sin alder og er då underlagt beskyttelse mot øydelegging. Lova opnar også for at nyare tids kulturminner kan fredast gjennom einskildvedtak.

Fylkeskommunen har også eit delegert ansvar for bygg og bygningsmiljø som er freda etter vedtak. Her samarbeider fylkeskommunen tett med eigarane og gjev tilskot og fagleg rettleiing i arbeidet med å vedlikehalde bygningane.

Fylkeskommunen arbeider også med utviklingsprosjekt på kulturminneområdet.

Saker som vedgår regionale og nasjonale kulturminneinteresser skal sendast fylkeskommunen for uttale. For å sikre gode rutinar for dette, har fylkeskommunen utarbeidd ei liste med oversikt over kva saker dette gjeld. Les meir om kva saker som skal, kan og ikkje skal sendast til fylkeskommunen :

[Les meir om kva saker som skal sendast fylkeskommunen.](#)

### **1.8 Kommunen sine oppgåver**

Kommunen har ansvaret for kulturminne av lokal og regional verdi og kan bruke plan- og bygningslova som verkty for å gje dei bevaringsstatus.

Til døme; På landsbasis er det berre 1 prosent av alle bygningar frå før 1900 som er freda gjennom kulturminnelova. Det betyr at svært mange verdfulle kulturminner ikkje er beskytta og må takast vare på ved hjelp av andre verkemidlar, for eksempel ved hjelp av plan- og bygningslova. Gjennom denne lova kan kommunane bidra til å gje spesielt verdfulle kulturminner formelt vern. Dette kan gjerast både i arealplansamanheng og i enkeltsaker.

I Hornindal har vi gjeve kulturminne formelt vern gjennom PBL. I plansamanheng vert slike områder angitt som «omsynssone». Kommunen har også heimel til å gi pålegg om utbetring av eksisterande bygningar, så sant dei vil gi ein vesentleg betring av byggverket sin funksjon – med omsyn til bevaringsverdi.

Kommunane har som planmyndigheit eit særskilt ansvar for å ta vare på kulturminne av lokal verdi.

Alle kommunane i Sogn og Fjordane har gjort vedtak om å [utarbeide ein lokal kulturminneplan](#) for å få oversikt over kulturminneverdiane i eige lokalmiljø.

## 1.9 Universell utforming

Universell utforming betyr at «produkt, byggverk og uteområde som er i alminnelig bruk, skal utformast på ein slik måte at alle menneske skal kunne bruke dei på en likestilt måte så langt det er mulig utan spesielle tilpassingar eller hjelpemiddel»

10

Når det gjeld kulturminna betyr dette at flest mogleg skal kunne besøke og oppleve kulturminne over heile landet. Dette dreiar seg ikkje berre om at kulturminna fysisk sett er tilgjengelige, **men og om at informasjonen om kulturminne tilpassast ulike grupper med spesielle behov, for eksempel ved å gjerast tilgjengelig i ulike typar media. !!**

Kva seier lovverket?

Diskriminerings- og tilgjengelova seier at omsynet til tilgjenge og vern i større grad enn tidligare må vegast opp mot kvarandre.


Kjelde: Riksantikvaren

[Universell utforming - Riksantikvaren](#)

[Lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne \(diskriminerings- og tilgjengelighetsloven\)](#)

## 1.10 Kulturminne og verdiskaping

Grunnlaget for verdiskaping leggst gjennom dokumentasjon, bevaring og formidling av kulturminneverdiane. Men i tillegg er det naudsynt å samarbeide med eigar, planleggarar, næringsutviklarar, kommune og andre myndigheiter om å realisere samfunnsnytta. Det er denne innsatsen for gevinstrealisering som ofte blir sett som verdiskaping i kulturminneforvaltninga. Kjelde: [Rapport: Kulturminnearvens Samfunnsnytte - Verdiskapingsarbeidet 2012-2015, Riksantikvaren](#) (i høgre marg) Framstillinga nedanfor er henta frå same rapporten:



### 1.11 Resultatvurdering

Dette er fyrste tematisk kommunedelplan for kulturminne i Hornindal. Ved seinare rulleringar av kulturminneplanen vil ein ta inn resultatvurdering i planen. Resultatvurderinga tek føre seg kva som er gjort /eller ikkje gjennomført i forhold til tiltaksplanen. Registreringar skal gjerast i databasane og ein vil der sjå kva som er gjennomført i perioden. Dersom det vert gjort registreringar som ikkje vert lagt inn i databasar, men i lokalt kommunalt arkiv må ei oversikt leggest inn i planen. Gjennomførte tiltak og nye tiltak leggest inn i planen ved rulleringar.

## 2 KVA ER EIT KULTURMINNE ?

### Kulturminne og kulturmiljø - Regjeringa

*Synet på kva som er eit kulturminne har endra seg opp gjennom tidene. Verneinteressene var lenge konsentrert om minne frå vikingtida, stavkyrkjer og andre minne frå mellomalderen. Etter kvart er merksemda blitt retta mot stadig fleire spor etter menneskeleg aktivitet frå eldre tider. Eit resultat av dette er at omgrepet kulturminne no i prinsippet omfattar alle spor etter menneskeleg verksemd. Omgrepet kulturminne inneber dermed ikkje ein vurdering av kvalitet.*

Ein så omfattande definisjon fører til at ordet kulturminne ikkje tyder det same som at noko er verneverdig.

*I våre dagar har merksemda og blitt fokusert på heilskapen, det vil seie samspelet mellom ulike kulturminne og landskapet. Dette har ført til auka interesse for vern av heile miljø og område – kulturlandskapet.*

Kulturminne - alle spor etter menneskeleg virke i vårt fysiske miljø, her under lokalitetar det knyter seg historiske hendingar til, tru eller tradisjon.

Kulturmiljø – område der kulturminna inngår som ei større heilheit eller samanheng. Kulturminnelova §2.

Immateriell kulturarv – praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap og ferdigheiter. Er knytt til det vi ikkje kan ta på ved eit kulturminne. Dette gjeld til dømes tru, tradisjonar, segn og hendingar.

Fornminne – Med fornminne meiner ein her alle spor etter menneske og menneskeleg verksemd frå førhistorisk tid og mellomalderen, fram til reformasjonsåret 1537. Med heimel i Lov om Kulturminne av 9. Juni 1978 er alle fornminne automatisk freda, og det er straffbart å skade, øydeleggja eller skjemma dei på nokon måte.

[Freda, verna eller verneverdig?](#) [Ordforklaringar](#) [Freda og verneverdige bygningar og anlegg](#)

### 3 HISTORISK DEL – KULTURMINNEARVEN



Foto: André Gjørven    Hornindalsvatnet og vassdraget har vore og er viktig for levekår og kultur i Hornindal.

Det er skrive mykje om kulturminnearven i Hornindal, mest frå nyare tid. Fleire har lagt ned eit stort arbeid for å ta vare på historia, noko mellom andre dei årlege hefta Historisk årsskrift (som Hornindal Historielag gjev ut årleg) og ulike arkiv viser. Der finn vi mykje kunnskap om materielle og immaterielle kulturminne, fakta og segn, om daglegliv og utvikling. Bygdebøker og anna litteratur, utgravingar og samlingar m.m. gjev oss og innblikk i fjern og nær fortid. Vi har historikarar i bygda som ivrar for å ta vare på og vidareformidle kunnskap. *6.mars 2015 vart Paul O. Tomasgard tildelt Kongens fortенestemedalje fordi han i ein mannsalder har lagt ned eit stort og viktig lokalhistorisk arbeid i Hornindal, både gjennom eigne artiklar og ved å mobilisere andre til å skrive. Dermed har verdfull historisk kunnskap vorte berga for ettertida (Historisk årsskrift nr 30).* Denne kunnskapen har kome til stor nytte i arbeidet med kulturminneplanen.

Oversikt over tema/objekt/innspele/opplysningar som har kome fram på opne møter i forbindelse med utarbeiding av planen har vi i oppslagsdelen lagt ei lenke til. Denne oversikta er ikkje utømmende eller systematisert, men gjev likevel eit grunnlag for vidare arbeid. Vidare her tek vi med skildring av bygda si historie frå eldre og nyare tid. Kulturminna vi meiner bør prioriterast er representantar for ulike område av historia og kulturen. Ein har i denne omgang ikkje teke med alle område av kulturminnearven, men det som knyter seg til satsingsområda. Vi har mykje meir vi bør ta vare på i kulturminnearven vår, og dette er eit kontinuerleg arbeid som no settast i system med kulturminneplanen.

Når ein skal gje eit bilete av karakteristiske trekk over ein lang periode støttar vi oss til det som tidlegare er nedskrive. Natur og levekår har spela ei viktig rolle for utviklinga av kulturen vår, derfor er dette viktig informasjon i forhold til kulturminne.

### 3.1 Vår eldste historie

Dette gjeld tida før skriftlege ned teikningar vart gjorde, og før ein nøyaktig kalender gjorde det mogleg å skrive ned hendingar i rett kronologisk rekkjefølgje. I Norden varer den eldste historia heilt ned til kristendomen vart innført ca. 1000 e.Kr. *Mellomalderen reknar vi frå 1000 til reformasjonen 1537.*

I «Aalandsboka», *Eid og Hornindal* (1953) etter Jacob Aaland ved Edvard Os, står det å følgjande:

«Honndalen er noko ulik andre dalar i Nordfjord, meir open og brei og ikkje så flat og jamn i botnen. Dalbotnen og fjellsidene går meir over i kvarandre. Det som breane gjorde i gamal tid, syner ikkje så greitt som i Strynedalane. Det er ublidt her når det blæs på det likaste. Snøen ligg høg om vinteren, inst i dalen 2–3 m, heilt opp under ufsane på husa. Tøyren kjem seint. Mange stadar brukar dei molda åkrane. Vinteren kjem tidleg. Haustfrost på grøda kjem ofte på, og då er det ikkje greitt for honndølene.

På 1300- og 1400-talet er skrive Hornymiudal (les Hornymjudal). Nominativforma i gamalnorsk var vel Hornin, gen. Horninjar, som frå fyrst av venteleg har vore Hornvin som tyder ei slette der det er grønt gras og uneleg å vere. ...Gardar med vin-navn må då vere rudde før år 700, truleg i jernalderen, kan henda i bronsealderen.

Frå Steinalderen er det ikkje mange funn i Eid og Hornindal, likevel mange nok til å prova at det var folk i desse bygdene i den tida. ... Det som er funne, er frå den yngre steinaldertida då folk hadde fått vit på å dyrka korn og halda husdyr med fast busetjing.


I arkeolog Per Fett sitt dokumentasjonsprosjekt *Førhistoriske minne på Vestlandet* kan ein lese om kva som er funne i Hornindal.

I mellomalderen og seinare er desse bygdene berre nemnde av og til i rikssoga i samband med stormenn og ætter som hadde heimstad eller eigedomar her. .. Kalv av Hornin er nemnd i saga om Inge Bårdson. Han var mellom dei som kom med folk til bisp Nikolaus då han låg med baglarflåten i Rugsund i 1204. Kalv budde venteleg på Ytrehorn, og han er vel såleis den første honndølen vi veit namnet på.

Dei seier at svartedauden herja fælt i Hornindal frå ettersomaren 1350. Etter segna var det berre guten Jon Nilsson Seljeset som overlevde. Alle gardane vart liggjande øyde, husa og kyrkja rotne ned, bøane grodde til med skog. Både forteljinga om guten på Seljeset, og presten Spjot som fekk døyande til å gje frå seg gardane kan ein lese om i «Aalandsboka». Der står og historia om Anders Kompå frå Alsåker på Eid. Han reiste til Hornindal og tok opp att garden Kirkhorn. Meste folket i Honndalen ættar frå Anders Kompå, seier dei. Visst var det at dalen låg øyde i om lag 100 år etter Svartedauden.»

Etter skattelistene går det fram at det var lite bygt i Hornindal sist i mellomalderen, og at bureisinga auka jamt utetter på 1500- og 1600-talet. Etter skattemanntalet frå 1520 var det berre tre bønder som betalte skatt i bygda.

I Per Fett sine registreringar finn vi oversikt på fornminne i Hornindal. Der står det fylgjande;



*Fornminnetypar i Hornindal kommune.*

*I fornminneregisteret for Hornindal kommune er det for kvar namnegard tatt med all informasjon me har i arkivet vårt om synlege fornminne, ikkje synlege fornminne, og lausfunn, dvs. Fornminne som ein med visse veit har funnest, men som no er borte.*

***I Hornindal kommune er det berre eit einaste fast fornminne att. Det er eit kalsedonbrot på Ytrehorn.***  
*(Gytleskotet) (Foto neste side).*  
*Hornindal har vore rik på gravminne, men diverre er mesteparten av dei no tapt.*

Kalsedonhola / Gytleskotet

Foto: Jan Endre Nesdal

Kulturminne frå før 1537 er automatisk freda. Faste Fornminne registrert i Hornindal;

*Gytleskotet ID: 25918*

*Løddøen 2 ID: 100798*

*Løddøen 1 ID: 100795*

*Vellene 2 ID: 100805*

*Vellene 1 ID: 100799*

*Vellene 4 ID: 107960*

*Vellene 3 ID:100808*

*Lødemel 1 ID:100812*

*KIRKHORN ID: 100875*

*Prestegardsøyane ID: 16432 Vernestatus: Uavklart*

Vidare følger ei opprømsing av lausfunn, og tapte fornminne; frå ukjend gard: Tjukknakka, tverregga flintøks.

GNR. 192 Solheim Middelalderøks

GNR. 178 Ytrehorn Synleg fornminne; Kalsedonbrot Tapt fornminne; Haug, Grav 1, Grav 2, Grav 3, . Lausfunn; Jernaldersverd, Jernalderøks.

GNR. 203 Tomasgard (Raudemel) Tapt fornminne; Haug Lausfunn; Jernalderøks, Vikingtidsverd.

GNR. 204 Lødøen Tapte fornminne; Haug Lausfunn; Jarnkniv

GNR. 205 Kirkhorn Laus funn; Flintdolk, Yngre steinalder Skiferbryne

GNR. 206 Grodås (Grødes) Tapt fornminne; Grav/Steinkrans, Grav/steinkrans Vikingtida. Lausfunn; Sverd, yngre jernalder, Stridsøks Merovingertiden, Kleberboller

GNR. 47 Maurset Tapt fornminne; Kvinnegrav Yngre jernalder.

GNR. 214 Jutedal Lausfunn; Skaftrenneøks

GNR. 181 Lødemel Tapt fornminne; 3 Hellekister , 2 Hellekister (staden heiter Henningslægja)

GNR. 182 Gausemel Lausfunn; Bryne? Jernalder?,

GNR. 191 Bakke Tapt fornminne; Grav Yngre jernalder-Vikingtid, Lausfunn; Skaftholeøks. For meir informasjon om lausfunn: [Universitetsmuseene Gjenstander](#) [Bergen Museum](#)

**CadastralName** : Grødes **CadastralNo** : 206

**FindCategory** : gravfunn

**Description** : To <ovale bronsespenner som R. 657, men uten flikene på randen. Spennene er utmerket bevart og er av fortrinlig arbeide med riflet sølvtråd i rammeverket og knopper av sølv, hvorav flere er tilstede. Lengde 11,3 cm. Dobbel nålefeste, nål av jern

**CoordinatePrecision** : gard

**Photographer** : Skare, Svein



 Universitetsmuseet i Bergen/ University Museum of Bergen ([post@um.uib.no](mailto:post@um.uib.no))

### 3.2 Vår nyare historie

Denne tidsbolken vert rekna frå reformasjonen i 1537 og fram til i dag.



Foto: Ola Bolstad Januar 2016

Akslalada kjem frå Seljeset og står på Nordfjord Folkemuseum. Denne markalada har namn etter staden ho stod. Ho har grindverkskonstruksjon med vegger av ris. Etter kvart som det rotnar nede, fyller ein på nytt oppe.

## Jordbruksnæringa

Hornindal er ei innlandsbygd utan tilkomst til fjord eller sjø, ei dal- og fjellbygd med korte somrar og lange vintrar. Jordbruket var ein trong levemåten med lite økonomisk overskot i tidlegare tider. Det vart ei betring for bøndene utover på 1700-talet, men det var likevel ei relativ fattig bygd. På 1800-talet vart alternative næringar som smedarbeid viktige supplement til jordbruksinntektene. Mange dreiv som tømmermenn ved sida av gardbruket. Sommarstida var mange borte på bygningsarbeid i andre bygder. Ungdomar flytte ut til Mørebygdene og Romsdal på 1700- og 1800-talet, seinare også til Nord-Noreg og til Amerika 1869–1920. Også byar som Bergen og Kristiania drog til seg mange honndøler.

I Sogn og Fjordane distriktshøgskule sin rapport om Kulturlandskap og kulturmarkstyper i Hornindal kommune, v/ Inger-Merete Maurset, Hilde Gunn Stenseth og Ingvild Austad tek vi med følgjande:

*«Bygda har til alle tider fyrst og fremst vore ei jordbruksbygd. Omveltinga i landbruket som tok til rundt 1850 i sentrale strøk av landet, starta for Hornindal fyrst i 1890-åra. Dette kan ha si årsak i at kommunen geografisk sett var forholdsvis isolert. Kommunen var omgjevne av skog og fjell, og det var ei lang reise før ein kom til sjøen som på den tida var viktigaste ferdselsåre. Det var ein kommunikasjonsmessig revolusjon då dampbåten «Dølen» byrja å gå i rute i 1880. Båten gikk i opplag i 1952. Skyssvegen Faleide-Hornindal-Hellesylt vart bygd på slutten av 1800-talet, og det var skyssstasjon på Grodås i 1867. Den tidlegare skyssstasjonen er Raftevolds Hotell i dag.*



*Gardsdrifta var prega av naturalhushald. På åkerlappane dreiv ein intensivt med korn og poteter. Innmarka var ofte inngjerda av risgjerdar. Det var som regel kvernhus på dei fleste gardar i bygda. I utmarka var det slåtteteigar og heimesetrar. Tidleg om våren vart buskapen flytt, fyrst til gardfjøsene. I slutten av juni bar det til seters til dei gode fjellbeita. Det var kvinnene som hadde ansvaret for stell av dyra på setrane, og som regel gjekk ein frå garden til setra kvar morgon og kveld. Om hausten føregjekk flyttinga av husdyra i omvendt rekkefølge.*

*Foto Anne Iversd. Seljeset er klar til å fløtte på Sætra. Ho har flyttelasset med seg, men må nok gjere mange turar før alt ein treng er komme på plass. Repro/datareg.: Mai 1994, Fylkesarkivet (SFF) v/RAL og JAB. [Fylkesarkivet foto Søk i basar](#)*

*Utmarkslåtten føregikk ofte slik at ein arbeidde seg frå slåttekvie til slåttekvie. Turrhøyet vart lagra i skogslader inntil det kunne køyrast heim på vinterstid. Mengda av fôr som ein kunne hente frå utmarksladene vart bestemmande for tal dyr ein kunne ha over vinteren. I utmarka vart også never, bark og lauv sankt. Never vart nytta til takteking, medan bark vart brukt til garving. Den viktigaste salsartikkelen frå skogen var forutan ved, tønnestav, som gikk som eksportartikkel til kysten.*

Næringslivet var ikkje heilt dominert av jordbruk. Ljåsmiding på 1800-talet utvikla seg til eit handverk som honndølene meistra særst godt. Hornindal vart eit senter for ljåproduksjon på Vestlandet. Dei fleste, både bønder og husmenn, var ljåmedar og kolminene var det mange av i Hornindal. Virket var gjerne henta frå skogen opp mot fjellet. Bjørka her oppe var meir tettvokst og hard, noko som gav betre trekol. Ljåsmidtradisjonen har kanskje bakgrunn i den lokale myrmutvinninga, sjølv om produksjonen frå 1700-talet og utover vart basert på innkjøpte råvarer.



Av andre «binæringar» i nyare tid, kan sølvrevhald nemnast, og det var og pengar å tene på blåbærplukking. Blåbæra som ein plukka i kiper, vart kjøpt opp av forhandlarar som sende bæra vidare til Bergen.

Det er kjekt å plukke blåbær og alle er smilande og glade for fangsten. Bak f.v.: Elisa Ivarsd. Seljeset (f.1905), Olava Ivarsd. Seljeset (f.1903), Samuline Ellingsd. Seljeset (f. 1906). Framme f.v.: Marta Ellingsd. Seljeset (f.1909), Oline Ellingsd. Seljeset (f.1904), Otto Iversen Seljeset (f.1908). **Arkiv/samling: SFFF-1994111.0034**

Den vanlegaste hustypen i Hornindal til midten av 1800-talet var røykstova. Grunnplanet var vanlegvis todelt med ei kjerne (stova) som var tømra og tilbygt med gang og kammers/kjøkken som ofte var reisverk. Med utskifting i siste halvdel av 1800-talet fylgjer ein byggestil som er blitt kalla bygdeempire. Seinare gjorde sveitserhusa sitt inntog. Desse hustypane vart begge bygde i Hornindal eit stykke inn i 1900-talet.

Ei sterk befolkningstilvekst på slutten av 1800-talet førte og til auke av antall husmenn. Det ser i midlertidig ut som det sosiale skilje mellom jordeigarar og husmenn ikkje var så sterkt i Hornindal som andre stadar i landet. Dette kan skuldast fleire forhold bl.a. at dei fleste bøndene sat med forholdsvis små bruk og at dei fleste husmennene var av bondeætt. Utvandring til Amerika og flytting til byar og tettstadar reduserte befolkningstalet ganske kraftig. Utvandringa frå 1881 til 1910 var fem gangar høgare for Hornindal enn for heile landet sett under eit i perioden.

I mellomkrigstida spelte framleis utmarkslåttane og seterdrifta ei viss rolle, men innføring av nye driftsmåtar og maskiner førte til ei større produksjonsavkastning på innmarka. Av nye reiskap kan nemnast: slåmaskin, jernplog, sleperive, og ulike typar av harver. Kapitalinvisteringa i jordbruket kravde auka avkastning i kjøt- og melkeproduksjonen, og ein fekk ein viss overgang frå kornproduksjon til kultureng med bruk av handelsgjødsel. Nyryddinga auka kraftig i 1930-åra, og frå 1922 til 1936 vart det etablert 18 bureisningsbruk i Hornindal. Kommunen fekk sitt fyrste meieri på Tomasgard i 1897, der smør var eit av dei viktigaste produkta.

Det er likevel i etterkrigstida ein kan snakke om eit reint handelsjordbruk i Hornindal, fullstendig integrert i storsamfunnet sin pengeøkonomi. Gjennombrotet for traktoren som

*jordbruksreiskap kom i 1950-åra. Dei seinare åra har antall sysselsette i primærnæringane, som for landet elles, gått tilbake.»*

Paul O. Tomasgard skriv vidare om den nyare historia;

*Mange gardar i Hornindal var tidleg ute med utskifting som følgje av den nye utskiftingslova av 1857. Dette rasjonaliserte drifta og skapte ny optimisme i jordbruket med nydyrking, nye dyrerasar, betre dyrestell og arbeidssparande reiskap som slåmaskin, rakerive, sleperive, hesjestreng, separator og meieri utover på 1800-talet.*

*Etter 2. verdskrig gjorde traktoren sitt inntog i landbruket. Det same gjorde mjølkemaskin, silo, moderne driftsbygningar, rundballepresse frå midt i 1980-åra og fjøsar med robotmjølar dei siste åra. Talet bruk i aktiv drift har jamt gått nedover siste tiåra og færre og færre i bygda lever i dag av jordbruk.*

### **Industri**

I

*1913 vart Hornindal elektrisitetsverk bygt i Brattegjølet. Drivkrafta bak var den nye soknepresten Anton Schønning Johnson (Gamle-Johnson kalla i Honndalen). Det førte igjen til oppretting av mølle, enkelte handverksbedrifter, som tynnefabrikk, produksjon av glas og dører, møbelfabrikk.*

*Firdakraft frå 1953 førte til auka aktivitet på alle område. Dåverande ordførar og styreleiar i Hornindal kraftlag L/L, Ivar O. Melheim (1898–1980), var ein pådrivar for å bygge ut elektrisitetsforsyninga i kommunen. Rikeleg elektrisk straum var avgjerande for vekst og utvikling til eit meir moderne samfunn. Industri- og sørvisverksemder voks fram frå slutten av 1950-åra. Ein føregangsmann i utbygginga av industri i kommunen var ordførar Kaare Maurset (1903–88). Han gjekk i brodden for å bygge kommunale utleigebygg til industrien, og mange honndøler og andre fekk arbeid i verksemder som Grodås Fabrikker A/S, Grodås Møbler A/S og Ekornes Fabrikker, avdeling Grodås. Også andre industriverksemder voks fram utover på slutten av 1900 og byrjinga av 2000. GRS Riflestocks på Ytre Haugen må nemnast som det nyaste tiltaket.*

### **Skule og utdanning**

*Allmugeskulen vart innført med lova av 1739. Omgangsskulen var det vanlege i meir enn hundre år. Først med skulelova av 1860 vart herada pålagde å byggje faste skulehus. Frå hausten 1963 vart skulekrinsane slegne saman til ein krins og frå 1974 vart elevane samla i nybygd skule på prestegardsområdet på Kirkhorn.*

*På Kirkhorn hadde det vore ein framhaldsskule/ungdomsskule i gang frå kring 1850. Særleg gjorde lærar, klokkar og stortingsmann Knut R. Kirkhorn (1830–1885) mykje for å gje evnerike ungdomar ein god start til vidare skulegang. Mange av elevane der heldt fram på seminaret (lærarskulen). Hornindal vart kjend som ei bygd som hadde «produsert» mange lærarar.*

*På slutten av 1800-talet og framover til kring 1960 vart det skipa til framhaldsskule for ungdom som nett var konfirmerte. Den første tida var det ikkje vanleg med slik skule kvart år, slik som 1950-talet. Ofte vart det også avvikla snikkarskule for gutar, gjerne dei åra det ikkje var framhaldsskule. Snikkarskulen vart ofte halden i “Dølheim” eller i “Ljosvang”.*

*På sørsida av vatnet, i det som tidlegare låg i Hornindal kommune, vart Holmøy arbeidsskule starta opp i 1858 av Hans J. Holmøy (1831–1910). Dette var den første skulen i sitt slag på landsbygda i Noreg. Mange honndøler og ungdomar frå nabobygdene gikk på denne skulen og lærte seg snikring, smedhandverk og måling. Mange ungdomar frå Hornindal vart også underoffiserar, truleg på grunn av nærleiken til ekserserplassen på Nordfjordeid.*

*I byrjinga av 1920-åra vart det starta opp ein realskule i Hornindal. Det var sokneprest Rynning som stod bak tiltaket. Fleire av dei som gjekk der, heldt fram på gymnas. Nokre av dei gjekk vidare på Universitetet i Oslo og tok embetseksamen i teologi og medisin.*

*Også under krigen, frå hausten 1943 og til 1945, vart det starta opp ein realskuleklasse. Ein av lærarane der var sokneprest Nils Eide. Om denne realskuleklassen kan ein lese meir i Historisk årsskrift nr. 17-2002. Nytt kull tok også til i 1945. Arnlaug Kjørstad vart då tilsett som lærar. Som kjent vart ho verande i bygda sidan.*

### **Handverk. Kunsthandverk**

*På mange måtar var Hornindal ei avsides bygd som skapte eit eige miljø, med tre- og smedarbeid, felespel, song. Desse kulturuttrykka er framleis noko bygda den dag i dag blir assosiert med. Den kjende songen- «Om kvelden når det mørknar ...» har sitt opphav frå Hornindal.*

*Arbeid med tre har alltid vore mykje høgt prioritert i bygda. Hornindal var godt hjelpte med eigne bygningsmenn, og det var også vanleg at mange tok seg bygningsarbeid utanfor bygda som på Sunnmøre og nordover til Namdalen, ja heilt til Lofoten.*

*Elles har Hornindal vore kjend som smedbygda med mange flinke smedar, langt tilbake i tid. Anders Andersson Muldsvor (1802-1855). Han var flink handverkar både i tre og jarn. Då det skulle byggjast ny kyrkje i Hornindal vart han engasjert som byggmeister, men han døydde før kyrkja var ferdig. Ein gong vart han tilkalla til Ålesund der ei hollandsk skute hadde øydelagt ankeret. Det var ingen der då som kunne reparere det, men Anders gjorde ankeret i stand.*

*Lars Nilsson Bakke (1815-1858) var også ein flink bygningsmann. Han tevla med Anders Muldsvor om å bli byggmeister for Hornindalskyrkja, har det vore sagt.*

*Lars Samuelsson Sollid (1838-1924) på Grothaug var ein av dei særleg flinke smedane. Han gjekk også nye vegar. I 1866 vart han tilsett som den første smedlæraren på Mo landbruksskule i Førde. Lars var fødd i Lida i Hornindal og kjøpte seg gard på Grothaug i 1871. Ved sida av gardsdrifta hadde han smie der han produserte jarnplogar, horver og sauesakser. Han var også ein sjølvlærd og flink maskinkonstruktør og produserte mange treskemaskiner. I alt er det sagt at han laga og selde 735 plogar og 2000 sauesakser.*

*Ein del av handverkarane utvikla handverket til kunst. Ein av dei var Anders Svor (1864-1929) som vart ein landskjend bilethoggar og fekk sitt eige museum i Hornindal i 1953. Brita Lund (1886-1966) var ei omtykt kunstveverske med stor produksjon som i dag pryder mange*

heimar både i og utanfor bygda. *Kunstmålarane Anders Bruland (1867-1956) og Steffen P. Gausemel (1909-1940) må nemnast. Det same må multikunstnaren Rolf Haugen (1924-2010).*

*Bygda har også hatt mange flinke treskjerarar. Dei som har sett mest merke etter seg er Johannes Espe (1903-1984), Bjarne Taraldset (1914-1999), og ikkje minst son til sistnemnde, treskjerarmeister Rolf Taraldset, fødd 1953.*

*I tilknytning til felemusikken har ein del også bygt feler. Ved sida av å vere ein mykje omtykt felespelar og komponist var Lars Hjellbakk (1889-1976) også felebyggjar. Mange feler etter han finst i bygda og rundt om i andre bygder. I alt bygde han om lag 80 feler. «Dei siste 10-15 var særleg gode», skreiv spelemannen Ragnvald Lunde. Ein annan felebyggjar var Emil Gausemel (1907- ).*

*Ein del dreiv også med litt rosemåling utan at dei har fått eit framheva namn i bygda.*

*Det fanst også smedar som spesialiserte seg. Ola Samuelsson Lien (1830-1889) skulle vere ein flink låsesmed, Ellings Andersson Seljeset (1861-1961) var flink navarsmed. Det same var søstersonen Oskar Hjellbakk (1907-1998). Filmen Navarsmeden er gjort etter opptak av han.*

*Dei fleste smedane i bygda var ljåsmedar, men ein del laga også navrar, økser, sigdar, knivar, bitjarn, grev og andre reiskapar av jarn. Magnus Brendefur (1917-2014) var truleg den siste aktive smeden av gamlesorten i bygda. Dei mange smiene som enno står rundt om på gardane fortel om den smedtradisjonen som bygda var så kjend for. Ljåen har også vorte motiv i kommunevåpenet til Hornindal. Legg til to filmar som ein finn på Nasjonalbiblioteket .*

[Film: Ljåsmeden : Hornindal 1979 nb.no](http://nb.no)

[Film: Navarsmed : Hornindal 1980 nb.no](http://nb.no)

### **Kommunikasjonar/impulsar utanfrå**

*Vegen frå fjorden på Hellesylt og Øye gjennom Hornindal og til Nordfjord var ei mykje nytta farlei langt tilbake i tida. Fjellovergane som over Kviven, skara over til Strynebygdene, over Hoplandsskardet og låglandslina gjennom Markane til Faleide var og mykje nytta. Frå 1785 gjekk Den Trondhjemske postveg her. Det førte til meir trafikk av post og reisande.*

*Som følgje av betre kommunikasjonar og meir liberale lover kom det frå slutten av 1860-åra handelsmann og hotell på Grodåssanden. Ola Martinus Olsson Raftenvold (1844–1942) stod i brodden for desse tiltaka. Seinare kom Lars P. Navelsaker (1850-1904) med liknande verksemd.*

*Dampbåten «Dølen» gikk i rute på vatnet frå 1880 og letta samkvemmet ut og inn av bygda. Det batt saman grendene langs vatnet. [Digitalt museum - om "D/S Dølen"](#)*

*Ny veg frå Øyebakken, rundt Kjøsahammaren til Grodås kom i 1904. Denne løyste av den gamle vegen over Kjøsahalsen. Delvis ny veg Grodås – Dalebrua, med nye bruer, vart bygd kring 1930.*

*Tunnel gjennom Kjøsahammaren vart bygd kring 1970. (Sjå Kristin Ese: På god veg – om veghistoria i Sogn og Fjordane). Kvivsvegen frå 2012 opna ein ny epoke i bygda sitt liv.*

*I Historisk årsskrift nr. 15 – 2000 har Ivar O. Seljeset skrive og fotografert ein rodestein aust for Svåna på Raftevold. Eg veit også at det står ein rodestein ved den gamle setrevegen til Bruasetra, til venstre for der lysløypa går ned på myra i dag.*

**Forsvar og krigsminne. Hornindal under 2. verdskrig**

*På byrjinga av 1600-talet skipa kong Kristian IV eit forsvar av utskrivne soldatar i staden for utanlandske leigetroppe som mykje hadde vore vanleg tidlegare. Også mange bondegutar frå Hornindal vart utskrivne til dette forsvaret. I førstninga av 1700-talet deltok Danmark-Noreg i Den store nordiske krigen mot Sverige. Særleg kjend under denne krigen er Petter Wessel Tordenskjold sine bravadar til sjøs og svenskekongen Karl 13. sine åtak på Noreg i 1718, der han miste livet ved festninga i Halden. Seinare i hundreåret vart mange norske soldatar, også honndøler, utkommanderte til Danmark der dei leid mykje vondt på grensa i sør.*

*Under Napoleonskrigane vart Noreg dregne inn i krig, særleg i åra 1807-14. Mange honndøler miste livet under denne krigen som følgje av mangel på mat og sjukdom som dei fekk under opphaldet ved grensa på Austlandet. Minnestøtte over dei åtte som omkom under denne krigen vart reist ved kommunehuset Smia i 2009.*

*Under 2. verdskrig vart Hornindal ikkje direkte råka av krigshandlingar, men soldatar frå bygda deltok i kamphandlingar andre stader som i Valdres, i Land, i Romsdalen og ombord på norske båtar i konvoifart. Tre unge honndøler – Pål Ytrehorn, Martin Melheim og Olav R. Sætren miste livet, den første under kampane i Land i april 1940, dei to andre under konvoifart frå USA til England i 1942 og 1943. Ei minnestøtte over desse tre er reist på kyrkjegarden og der vert lagt ned krans 17. mai. Pål Ytrehorn, den einaste honndølen som vi veit om er gravlagd i heimbygda etter å ha mist livet i krig, har fått ei gravstøtte i stein der kunstnaren Dyre Vaa sitt portrett av Pål er felt inn. Same portrettet finst også i Dyre Vaa museet i Rauland, der det er nemnt som Soldat frå Nordfjord.*

*To honndøler, Hans Hatlelid og Reidar Kroken sigla ute som sjømenn under heile krigen og kom heim att i live. Tre andre honndøler, Olav L. Haugen (Lillestøl), Alf Sandnes og Per O. Holmøy reiste til utlandet under krigen. Dei to første kom over til dei norske styrkane i England, Holmøy gjekk inn i dei norske politistyrkane i Sverige. Både Haugen og Holmøy var med i Finnmark under slutten av krigen der.*

*Per O. Svor og Trygve Tomasgård vart arresterte av Gestapo for motstandsarbeid i 1942 og 1943. Dei sat først fengsla i Noreg, seinare i konsentrasjonsleirar i Polen/Tyskland. Offiserane Lars M. Lunde, Bottolv O. Lødøen og Ola P. Tomasgård vart arresterte i august*

1943 og sende til krigsfangeleirar i Polen/Tyskland. Alle dei arresterte kom tilbake i live etter krigen.

Vinteren 1945 vart også nokre bygdefolk, mellom dei Ola Raftevold, arresterte for motstandsarbeid og internerte i Noreg.

I kortare periodar budde det tyske soldatar i bygda, både på hotellet og i ungdomshuset «Dølheim».

Stort sett må ein vel seie at bygda kom seg gjennom krigsåra på ein rimeleg grei måte utan spesielt vonde episodar. Folk ordna seg på beste vis trass rasjonering og mangel på mange velferdsgode.

**Jordmor. Lege.**

I tida før formannskapslovene av 1837 var det så godt som ikkje noko offentleg helsestell rundt om på bygdene. Det var å lite på folkelege lækjeråder og «bygdedokterar» som kunne litt meir enn anna folk. Smittsame sjukdomar var eit stort problem delvis på grunn av elendige hygieniske tilhøve. Koppevaksinen litt etter 1800 vann bot mot barnekoppene, men betennelsar og farangar var vanlege og kunne føre til mange dødsfall. Nervefeber eller tyfoidfieber (ofte kalla tyfus) var vanlege. I 1848 gjekk det også ein farleg koleraepidemi i distriktet. I 1879 kom det vaksine mot denne sjukdommen.

Utdanna jordmødrer var dei første «profesjonelle helsearbeidarane» som fanst rundt om på bygdene. I Hornindal var Eline Lyngvoll (1803–73) den første 1845-1866. Ho hadde fått opplæring på jordmorskulen i Christiania. Ei viss opplæring utover fødselshjelp hadde jordmødrene fått på jordmorskulen, så mange vende seg også til desse når fysiske plager og sjukdom støytt til. Etter henne kom dottera Ragnhild Lødøen Fagerstad (1866-1902) som jordmor, så Helga Båtevik Lødemel (1902-1942). Kristina Ytrehorn (1911- ) som vart tilsett etter henne, vart den siste faste jordmora i Hornindal. Ho heldt på fram til 1984, siste tida i vaktordning på Nordfjord sjukehus der dei fleste fødande frå Hornindal vart sende frå kring 1970.


Praktiserande lækjarar kom til etter kvart, men distrikta var vidsveimde, og det var lite hjelp å få for folk når sjukdom kom på. Frå 1814 vart dokter K.B. Uchermann busett i Innvik med heile Nordfjord og Sunnfjord som distrikt. Først i 1836 vart amtet (fylket) delt i fire med Nordfjord som eige distrikt. J.V.H. Cammermeyer var den første i vår region (1840–54). Han budde på Nordfjordeid. Frå 1857/58 vart Gloppen, Eid, Stryn og Hornindal eige distrikt med K. M. T. Grimsgaard som dokter. Han budde i Innvik (1859–72). Noko seinare vart Innvik, Stryn og Hornindal eige distrikt med lækjar busett på Faleide. Siste legen i dette distriktet var Birger Wexelsen Freihow (1925-1947). Han budde i Stryn. Etter hans tid vart Stryn og Hornindal skilt ut som eige legedistrikt. Den meste kjende legen i distriktet fram til Hornindal fekk sin eigen lege i 1980, var Olav M. Andenæs. Han var på mange måtar ein føregangsmann, fekk etablert utekontor i Hornindal, systematiserte barnekontrollane og dreiv diagnosestasjon.

**Aldersheim. Sjukeheim** [Historia om aldersheimen](#)

Takka vere ein stor arv frå politibetent Hans T. Heggen og kona Oline, det såkalla Heggens Legat kunne Hornindal aldersheim takast i bruk den 14. mars 1939, som den første

aldersheimen i Nordfjord. I Hornindal var det eit sterkt ønske om å byggje sjukeheim då denne ordninga kom i byrjinga av 1970-åra. Storkommunen Stryn hindra dette, og først då Hornindal vart eigen kommune frå 1977 fekk ein grønt lys for sjukeheims plassar, som eit fylkeskommunalt ansvar. Kombinert sjuke- og aldersheim vart teken i bruk i 1981. Seinare vart bygningen utvida med ein ny fløy.

I tilknytning til alders- og sjukeheimen vart det bygd helsesenter med plass for legekontor, tannlege, heimesjukepleie, helsesøster og sosiale hjelpeordningar. Frå 2014 vart mange av desse tenestene flytt til ein eigen bygning i sentrum.



Biletet er frå 1979. (Foto: Halvdan Lødemel)

### **Kyrkjer, kyrkjegardar og prestegard**

Kyrkjer og faste gravplassar kom med innføringa av kristendommen på 1000-talet. Før den tid fanst det kultstadar i naturen, heilage lundar, horg, eller spesielle bygningar, hov, der folk tilbad heidenske gudar. Om det fanst hov i Hornindal er vel usikkert, det var vel helst på større og meir sentrale stader at slike vart bygde.

Større felles gravplassar var nok ikkje vanleg før kristendommen vart innført. Døde personar vart oftast gravlagde der dei budde. I vikingtida fanst det nok eit mangfald av gravskikkar, frå enkel jordsetting for vanlege folk og til større haugar der storfolk vart gravlagde med utstyr som dei fekk med til livet etter døden.

I Per Feet sine skrifter står det meir om gravfunn frå eldre tider i Hornindal. Samanlikna med mange andre bygder som låg meir sentralt til ved fjordane eller havet, finst det lite av gravfunn i Hornindal.

### **Kyrkjer**

Etter gamle segner stod den første kyrkja i bygda på Ytrehorn. Der budde nok også bygdehovdingen. Kalv av Hornin er nemnd som ein av hovdingane som kom baglarane til hjelp like etter 1200. Kyrkja på Ytrehorn var nok ei stavkyrkje. I same området var også kyrkjegard.

I segna om Anders Kompå er det sagt at denne kyrkja, eller ei seinare kyrkje, rotna ned under svartedauden. Om denne kyrkja låg på Ytrehorn eller Kirkhorn, er det delte meiningar om.

Innvendig har siste kyrkja vorte endra fleire gonger, sist ved 100-årsjubileet i 1856. Av særleg interesse inne i kyrkja peikar Dagfinn Werenskold si altartavle Krossen i bløming, seg ut. Motiva er utførte i treskurd og tavla vart innvigd i 1932. Kyrkja kan ein lese meir om i eit eige skrift som kom ut til dette jubileet.

Bårehus med toalett og reiskapshus vart bygt og teke i bruk i 1979.

### **Kyrkjegardar**

*Gravstaden låg i tilknytning til kyrkja. Ein gong, truleg på 1930-talet, vart spørsmålet om eigen gravstad for Indre Hornindal lansert. Men folket der var ikkje interessert i det. Gravstaden burde vere som før ved kyrkja, der forfedrane hadde vorte gravlagde. Etter krigen har kyrkjegarden vorte utvida to gonger, først mot nord, seinare mot elva.*

*Kirkhorn (Hornindal), gnr 38 (=205)Kirkhorn (Hornindal sogn).*

*Eldste omtale av kirken er ca. 1330 (kirkian j Hornymudall, BK 18b, reg.). Nåværende kirke bygd 1856 står på (gnr 205) Kirkhorn. Den erstattet enn liten langkirke i tømmer og som trolig ble reist rundt 1600. Kirken før dette var trolig en stavkirke (Aaraas & al 2000a:110ff). Tømmerkirken skal ha vært noe lengre enn nåværende kirke men lavere og smalere. Nykirken ble reist like nord for den gamle og parallelt med denne, og tømmerkirken var i bruk fram til den nåværende stod ferdig: "Det skal ha vore sovidt ein mann kunde smyga imillom" (Hatlelid & al 1956:14, 24, 28). En lokal antagelse er at "Fyrr gamlekyrkja vart bygd på 1600 talet, var det ei stavkyrkja umlag på same staden, kanskje litt lenger aust" (Hatlelid & al 1956:12), men denne påstanden er ikke grunnlagt med referanse til tradisjon eller annet. Ca. 1330 lå det godt med skyld til mensa men kun to kyr og ei geit til fabrica (BK 18b-19a). Til fabrica lå det ca. 1600 ingen landskyld, kun inntektene av 6 kirkekuer samt kirkeparten av tienden, og kirken lå da som anneks under hovedkirken på Eid (JBB 105). Rett nord for kirken het det Prestegardskroken og Prestegardsøyane. I 1856 vr det kirkegård kun på sørsida av nåverende kirke, mot nord skal grensa ha gått like inntil kirken. "Mot sud meiner ein at grensa gjekk der porten er i dag og beint mot elvi i vest. Inngangsporten var den gong mot sud, truleg litt nedanum midten av muren(...) Den andre porten låg nokre stig lenger aust enn i dag, og herifrå gjekk grensa i ein spiss mot det sud-austre hyrna. Berre for få år sidan kunde ein sjå leivingar etter muren, og millom denne og muren i dag, var der merker etter gamle graver. Det nye sakrestiet ligg soleis på den gamle kyrkjegarden. Kva tid muren vart flytt nærare kyrkja, hev det vore uråd å få greie på (...) Etter 1856 vart tomti etter gamlekyrkja og heile kyrkjegarden elles påfylt eller "kasta um" som dei gamle sa (Hatlelid & al 1956:91f). På garden, nedfor tunet, ble det i 1898 gjort et gravfunn fra eldre jernalder (Aaland 1909:50). (kartreferanse: AR 093-5-4).*

Kjelde: Middelalderske kirkesteder i Sogn og Fjordane - kildegjennomgang, Riksantikvaren 2008.

### **Prestegard/-bustad**

*I eldre tid skulle det ligge jord til prestegarden. Hornindal fekk eigen sokneprest frå 1866. Det vart då kjøpt jord frå Kirkhorn og Lødøen til prestegard og nytt prestehus vart bygt. Det var vanleg at prestegarden vart driven med leigd hjelp eller pakta bort.*

*Inntil den nye prestebustaden var ferdig nokre år seinare, budde presten først på Holmøy, seinare på Lødøen. Med visse tilbygg og utbetringar gjorde denne prestebustaden teneste fram til påska 1970 då bustaden vart skada av brann. Ny prestebustad vart bygt på Abelbruket (ved makeskifte med prestegardsjord) og teken i bruk 1972. Den gamle prestebustaden vart riven og ligg no lagra på Sandane der det er planar å setje han opp på Nordfjord folkemuseum. Inngangspartiet er no nytta som musikkpaviljong på Nordfjord folkemuseum.*



Prestehuset og bårstova i Prestegarden



Inngangspartiet til prestebustaden Foto: Ola Bolstad, jan. 2016



© Kyrkhornstunet i 1860 -

© Sokneprest Anton Schønning Johnson på trappa til prestehuset kring 1915.

### **Politisk styring**

*Då formannskapslovene vart vedtekne av Stortinget i 1837, skulle det enkelte prestegjeld utgjere eit herad (kommune). Eid, Stårheim og Hornindal sokn var Eid prestegjeld på den tid og vart skipa som Eid kommune.*

*Frå 1867 vart Hornindal skild frå Eid og oppretta som eige herad. Den styringsordninga varte fram til 1965. Frå 1.1.1965 vart mesteparten av Hornindal kommune slege saman med Stryn og storparten av Innvik kommune til nye Stryn kommune. Sudstranda og Heggjabygda vart frå same tid ein del av Eid kommune.*

*Frå 1.1.1977 vart den delen av Hornindal som gjekk til Stryn kommune, oppretta att som eigen kommune.*

**Fortal, stadnamn, segner,**

Naturen, fjella, sætredalane og det djupe vatnet i kombinasjon med kreative og stadbundne folk har gjeve bygda fortal og segner. Kva finnast nede i det djupe klåre vatnet vårt, kva er det enkelte har sett i vassflata som buktar og bender seg ? Og langt inne i sætredalane, i blånande kveldar og solblanke dagar. Fortryllande jenter og gutar med lange halar, blå rosete kyr som beitar ved fjellvatna, og skramling og ståk ved sela barsokknatta. Slike segn og fortal har vi mange av. Også denne delen av kulturen gjev oss identitet og «band» mellom generasjonane. Det same gjeld stadar/objekt i naturen med namn som knyter seg til ei historie, slik som Botnastova innerst i Knutsdalen, Hidesteinen i Otredalstranda (er vekk no), Vinkjellaren i Svarastranda, Ragnhildeneset ved Kongsvik, Gifstarsteinen ved Honndøla bru, og kvilesteinane på dei mange setreeresene, for å nemne nokre. Desse kulturminna kunne vere kjekt å digitalisert i ein app knytt til kart, slik at ein vert varsla og får historier og bilete når ein er på stader med namn og historier. Kanskje er dette ei spanande skuleoppgåve på eit årstrinna som kan fylgjast opp og utvidast kvart år ?

[Stadnamn i Hornindal- Fylkesarkivet](#)

**4 HANDLINGSDEL  
KULTURMINNEPLAN 2016 – 2019**

Ut frå bygda si historie ser ein at nokon område i større grad enn andre har spela ei viktig rolle i forminga av honndølene sin identitet og kulturarv. Vassdraget har gjeve grunnlag for liv og vekst, bygga har vore prega av jordbruket si viktige rolle, og som ein del av dette har vi mange bygg som knyter seg til jordbruk og vassbruk. Kunnskap og ulike handverk har vore viktige for å livnære seg. Musikken og dansen har vore med i kvardag og fest. Fleire av områda har vore, og er, merkevare for bygda. Det er områder vi ikkje har vore inne på endå, som er viktige i kulturarven vår. Mat og drikkekultur er døme på områder som kan vere aktuelt å ta inn ved seinare revideringar av kulturminneplanen. T.d. har Hornindal vore kjende for å bryggje godt «Konnjøl». Satsingsområda peika seg tidleg ut og vart foreslegne i planprogrammet for kulturminneplanarbeidet.



Måleri av Odd Wick

Planprogrammet vart handsama og vedteke av kommunestyret.

#### 4.1 SATSNIGSOMRÅDER OG BESKRIVNING AV PRIORITERTE OBJEKT

- A Hornindalvassdraget
- B Folkemusikk, song og dans.
- C Viktige bygg, og stadar knytt til kulturarven.

##### **A Hornindal vassdraget – kulturminne som knyter seg til vassdraget.**

Hornindalvassdraget er ein viktig del av kulturhistoria vår.

Vatnet er livgjevande, men det er og kjelde til opplevingar, inspirasjon og identitet.

Hornindalsvatnet er ei merkevare for Hornindal. Innsjøen er Vestlandet sin største og Europa sin djupaste, noko som set Hornindal på kartet både nasjonalt og internasjonalt. Vassdraget har vore, og er, viktig for heile bygda.

Vassdraget er i seg sjølv ikkje eit kulturminne. Vassdraget er ikkje menneskeskapt, men menneska har sett fysiske spor etter bruk av vassdraget. Vi har både materielle og immaterielle kulturminne som knyter seg til vassdraget. Fyrst ein liten presentasjon;

Vassdraget i seg sjølv er ein viktig del av eit variert landskap frå høg fjell til fjord. Nedbørsfeltet strekker seg frå Hornindalsrokkene i Nord og grensar til Strynevassdraget i søraust. Nedre del er dominert av Hornindalsvatnet, som topografisk er ein del av Nordfjorden sitt fjordsystem. Elva har utløp i Nordfjordeid.

##### **Hornindalvassdraget er verna etter verneplan 1 . Kjelde: NVE**

Både grøver/bekkar, elvar og sjølve vatnet har hatt betydning for busetnad, livsvilkår og levestad i bygda. Vatnet har vore viktig samferdselsåre. Det har vore frakta varer, folk og fe inn og ut av bygda. Og mellom alle dei små grendene var vatnet, og isen vinterstid, den naturlege ferdelsåra. Elvane og fjellvatna gav kraft som vart godt utnytta. Det vart laga demmer som ein kunne regulere vatnet med. Kvernhus, stamper og sagbruk er dømer på kva vatn krafta kunne drive. Tidleg på 1900 talet fekk ein kraftverk og det vart elektrisk lys rundt om i heimane. Seinare vart det store kraftutbyggingar i dalane mot Møregrensa. Dette førte til endringar i det fysiske miljøet. Elvar og grøver har blitt steinsatte for å lede vatnet dit ein ville ha det. Til tider har vatn føringa vore kraftig og øydelagt mykje på si ferd. Elvaførebygging har vore naudsynt. Fiske gav matauk. Vi finn hytter ved fjellvatna, båtstøer og mang ei god fiskehistorie. Samferdsel på land gikk delvis langs med vatn og elvar. Det var ikkje mange bruer, men ein hadde faste vad, plassar der det gikk greitt å vade elva. Det vart bygt bruer, bryggjer til rutebåt og ferjeanlegg med kabelferje. Den Trondhjemske postveg gjekk gjennom Hornindal og knytte seg til postbryggje der ein måtte ta vatnet i bruk for å kome seg lettast fram. Vassdraget har og gjeve oss mange immaterielle kulturminne. Historie, segn og fortal, opplevingar på godt og vondt. Vatnet har inspirert til kunst og diktning og lokka tilreisande for å sjå Europas djupaste innsjø. Historier om kaffiturar til holmane, bading og anna rekreasjon står i sterk kontrast til historiene om flaum, forlis og drukning. Det seiast og at Hornindalsvatnet er heimstaden til ein sjøorm.

## **B Folkemusikk, song og dans.**

Hornindal er ei bygd der folkemusikken og dansen har vore halde i tradisjon fram til vår tid. Mykje av denne tradisjonen kan stadfestast ved bustad til dei ulike spelemenn/-kvinner, og dansarar. Kvar vart det spela, historier om spelemenn/-kvinne, ein slått som knyter seg til ein bestemt stad og liknande. Også dette kulturminnefeltet er særmerkt for Hornindal, og er ein viktig del av den kulturelle identiteten til Honndølene.



### Folkemusikarar frå Hornindal

I Historisk årsskrift nr 13 finn vi ein artikkel skriva av Håkon Gausemel- om Meisterspelemannen Lars Kroken, «Kroka- Lars» 1807-1889. Vi let utdrag frå denne artikkelen innleie og beskrive noko av stemninga og kulturen som høyrer til musikk- og dansetradisjonen vår;

*Somme av gamlespelemennene i Hornindal var plassmenn som sleit og strevde hardt for å livberge seg og sine. Dei fekk derfor ikkje tid til å dyrke musikken så mykje som dei ville og hadde sikkert kome mykje lenger enn dei gjorde i felespelet under romslegare levekår. Likevel nådde dei nokså langt, særleg i det gamle slåttespelet. Endå dei fleste ikkje hadde noka opplæring korkje i speleteknikk eller noteskjønn, vart dei så gode i alt som vedkom den gamle dansemusikken, at få av slåttespelarane i dag greier å få fram det svipet og den tonen gamlespelemennene hadde over spelinga si. ...*

*Med Lars Kroken nådde slåtespelet si fulle høgd. Det var slik ei underleg makt i musikken hans. Han brukte ikkje fingrane så mykje og spelte nokså beint fram, men det låg noko mystisk over spelet hans som ingen retteleg kunne forstå. Han la liksom heile si sjel i tonane, spelte med ein ofse som var sjeldsynt og trampa takta så det høyrdest til næraste grannelaget. Og best*

*som slåttan gjekk på sitt likaste, kunne han stogge og setje i å storskratte åt dei som dansa, men greip så fela igjen og spelte så det dura. Han levde så med rytmen at der det var plass, flytte han seg frå eine benkenden til hin før slåttan var slutt. Det var eit spel og ei stemning som reiv alle med, så dei måtte danse, anten dei ville eller ikkje. Når Kroken var i form og hadde svartestrengen på fela, var det ingen som kunne slå han. Som regel var det fleire spelemenn i bryllaupa, då det vart for travelt for ein åleine. Men dei fleste ville helst ikkje spele når Kroken var til stades, og slettes ikkje kappspele, som var vanleg i den tida når spelemennene møttest og mykje folk var samla som kunne peike ut den beste. ...*

*Lars Kroken var i si tid den mest nytta spelemannen i vide krinsar, og ingen veit kor mange setrehelgar, gjestebod, lag og bryllaup han spelte i.*

Her snakkar vi i hovudsak om immaterielle kulturminne. Men også dei immaterielle kulturminna kan knytast til noko handfast og til kart.

Paul O. Tomasgard skriv fylgjande om folkemusikk, song og dans i Hornindal;

*Då Hornindal kommunestyre i si tid skulle vedta våpen for kommunen, var det to motiv som peika seg ut. Det var ljåen til minne om smedtradisjonane, og fela som representant for dei mange utøvarane innan folkemusikk som har vore med og sett sitt merke på bygda sin identitet gjennom eit par-tre hundre år. Som kjent enda det med at tre ljåar i sølv på blå botn vart Hornindal sitt kommunevåpen.*

*Felemotivet hadde også vore ein verdig representant for kommunen. Få bygder i fylket vårt er så kjende for folkemusikken sin som Hornindal. Det som er spesielt, er at desse tradisjonane går langt attende, og at mange av slåttane og tonane har vorte ført vidare frå generasjon til generasjon, frå tidleg på 1800-talet og fram til i dag.*

*Eit særmerke ved den tidlegaste felemusikken er at det er kvinner vi kjenner namnet på. Synnøve Rasmusdotter Frislid, fødd 1725, er den første som er namngjeven. Ho vart kalla Spelar-Synnøve, gifte seg med ein gut frå Otterdal, og dei slo seg ned som bønder på eit av bruka på Norang i Hjørundfjorden. Fem søstrer frå det andre bruket i Otterdal er dei neste kvinnene vi kjenner som felespelarar. Britt, som gifte seg til Aurstad i Austefjorden, var den mest kjende av desse. Litt seinare kom Samuline Seljeset (1804-1872). Samulina-springaren som er godt kjend i spelemannskrinsar, er i tradisjon etter henne.*

*Etter kvart stig også dugande mannlege felespelarar fram i lyset med namn, kjende kulturberarar i lokalsamfunnet. Lars Eriksson Brendefur (1782-1878) er den første. Valsar etter han vert framleis spela med fynd og klem i bygda. Lars Knutsson Kroken (1807-1889), Kroka-Lars, let etter seg ei mengd med slåttar som enno er høgst oppegåande. Det same gjeld Magne Maurset (1824-1915) som var ein særmerkt spelemann med stort repertoar av slåttar. Nemnast må også Ola Olsson Hjellbakk (1850-1935) og Lars Tomasgard (1964-1946).*

*I nyare tid når ingen høgare som spelemann enn Lars Hjellbakk (1889-1976). Han var både ein dugande felespelar, ein trufast tradisjonsberar, slåttekomponist og felebyggjar. Fleire av slåttane som han laga, har namn med tilknytning til stader i bygda, som reinlendaren Bruasetra og Heimreise frå bryllaup som han komponerte då han gjekk gjennom Holane på heimveg etter eit bryllaup. I 1980 vart det reist ei byste av han i Grodås sentrum.*

*Ein av Lars Hjellbakk sine fremste elevar var Ragnvald Lunde (1914-2003). Han førte slåttearven vidare som dugande spelemann. Han komponerte nye slåttar, og han lærte frå seg til nye generasjonar. Saman med kona Anna (1917-2001), fødd Gausemel, som var flink kvedar, utgjorde dei eit kunstnarektepar som sette merke etter seg, også med dans. Begge vart utnemnde som heidersmedlemer i Landslaget for spelemenn i 1981.*

*Dei som har bygt vidare på den tradisjonelle honndalsmusikken dei siste åra, er helst unge jenter. Gruppa Honndalstausene, jenter fødte midt på 1960-talet, Liv Merete Kroken, fødd 1976 og Britt Pernille Frøholm, fødd 1978, er dei som gjort Hornindal mest kjend som folkemusikkbygda dei siste tiåra. Begge dei to siste, men særleg Britt Pernille har gått nye veger og gitt musikken nye former, men i botnen ber dei alle med seg tradisjonen frå heimbygda.*

*Songtradisjonen har også vore ein viktig del av kulturarven vår. Langt fleire har nok tralla og sunge enn dei som har spelt fele. Songen følgde folk både i glede og sorg, i helg og yrke. Songen var ein del av dagleglivet, han følgde barnet frå vogga, gjennom ulike fasar i livet og til grava. Songen var også til underhaldning og tidsfordriv under arbeidet, både ute og inne. Folk kunne mange songar utanav, ein del personar skreiv dei ned og let etter seg songbøker. Den første klokkaren i Hornindal, Rasmus Olsson Kirkhorn (1795-1869) let såleis etter seg fleire songbøker. Den allsidige Hans J. Holmøy (1831-1910) er nemnd som han som Catarinus Elling skreiv opp den fine folketonen Om kvelden etter. Opp mot vår tid kjenner vi namnet på ein del andre som virka som kjøkemeistrar i bryllaup og liknande samkomer, eller som gjorde teneste som føresongarar i gravferder. Alle hadde eit stor og allsidig repetoar av songar. . Nemnast kan Paul I. Løvdøen, (1842-1927), Brattebakk-Pål, Elling Seljeset (1861-1951), Arne K. Gausemel (1862-1907), Per Grothaug (1865-1934).*

*I nyare tid har Oline Løvlid, fødd 1950, gjort eit stort og fortjenestefullt arbeid for å berge desse toneskattane våre og føre dei vidare til nye generasjonar gjennom det opplæringstilbodet ho har gitt unge honndøler gjennom fleire tiår. Dottera, Unni Løvlid, f. 1976, er den som mest markert har bore med seg denne tradisjonen ut av bygda og utvida han til nye former.*

*På same måte som spel og song har dansen vore ein del av kulturarven vår. Slåttespel og tralling hang nøye saman med folkedansen. Ikkje det eine, utan det andre. I vår tid har nyare dansar overteke i staden for halling og springar, men enno finst det dei som går i fotspora til springdansarar som Nils Nilsson Taraldset (1874-1969), brørne Peder, (1889-1947) og Ivar Kristensson (1899-1983) Seljeset, Knut Olsson Lødemel (1889-1964), Ola Ellingsson Seljeset, (1902-), Ragnvald (1914-2003) og Anna Lunde(1917-2001) og Ellev Tomasgård, (1940-). Langt fleire kunne også vore nemnde.*

### **C Viktige bygg, og stadar knytt til kulturarven.**

Vi har kulturminne som representerer ulike tidsepokar, utvikling, levekår, næring, frå langt tilbake i tid og fram til i dag. Vi har gjennom tilbakeblikket på historia vår i korte skildringar fått eit innblikk i korleis folket i bygda har livnært seg og til dels kan vi tenke oss korleis liva deira har vore. Det finnast spor, for nokon område er det få spor, for andre er det mange spor.

Bygg med ulike formål, ulike byggeskikkar og frå ulike tidsepokar meiner vi må vernast om. Kriterier som autensitet og beliggenheit, eigar og/ samfunnet si interesse for kulturminnet, kva mulegheiter i forhold til verdiskaping og tilgjenge som knyter seg til objektet er og viktig. Det same gjeld spor i naturen etter menneske sitt virke opp gjennom tidene. Demmer, sankekvier, bryggjer, steingjerder og steinsette grøver, ferdelsårer, for å nemne noko.

Alle kan registrere og ta vare på kulturminne, det er ein sjølv som definerer kva objekt ein meiner er kulturminne. [Kulturminne-i-kommunen-KIK/Veiledninger-og-registreringsskjema](#) I planen trekker vi ut det vi meiner er gode lokale representantar.

[Fredningsgjennomgang Faktaark SognogFjordane 2013.pdf](#)



#### **4.2 HANDLINGSPROGRAM**

##### **I arbeidet som handlingsprogrammet syner ynskjer ein å utgreie fylgjande;**

- kva kulturminne som skal registrerast før dei går tapt ?
- kva kulturminne som skal takast vare på ?
- kva tiltak som må i verksettast for at ein skal ta vare på kulturminna ?
- forslag til tiltak for å skape ei universell utforming / tilgjenge av kulturen og kulturminna i Hornindal.

[Universell utforming - Sogn og Fjordane Fylkeskommune](#)

[Universell utforming - Riksantikvaren](#)

**Tiltaka i inneverande 4 årsperiode er ei vidareføring i arbeidet med å få oversikt på kulturminna vi har, og ei vidareføring av eksisterande planar og tiltak.**

Tiltaksdelen skal reviderast kvart 4. år, og rullerast årleg.

Kulturminna (som ein ikkje skal ta fysisk vare på) registrerast før dei går tapt :

- Registrerast i kulturminnesøk, og dokumenterast med utfyllande opplysningar i lokalt arkiv.

Kulturminna / kulturmiljøa (som vi fysisk vil ta vare på for ettertida) skal ha ein handlingsplan som tek føre seg fylgjande:

- Registrerast i kulturminnesøk.
- Objektet skal regulerast til bevaring gjennom Plan og bygningslova.
- Kva tiltak må i verksettast for å ta vare på kulturminnet/- miljøet?
- Skal kulturminnet/- miljøet prioriterast i forhold til formidling, skilting, eventuelt skjøtsel?
- Ynskjer ein å prioritere kulturminnet/-miljøet for verdiskaping?
- Vurder kva tiltak som skal gjerast med tanke på universell utforming.
- Kostnadar og finansiering .

- **Freda** Eit kulturminne som myndigheitene gir så stor verdi at det må sikrast for ettertida. Eit freda kulturminne er automatisk freda eller vedtaksfreda.
- **Automatisk freda** Eit kulturminne som er freda direkte etter lov, utan særskilt vedtak
- **Vedtaksfreda** Eit vedtaksfreda kulturminne blir freda gjennom vedtak etter kulturminnelova eller svalbardmiljølova
- **Lokalt verna kulturminne** Eit kulturminne som er verna ved lov eller andre verkemiddel. Dei viktigaste lovene er kulturminnelova, plan- og bygningslova, kyrkjelova, svalbardmiljølova og naturmangfaldlova
- **Listeført** Eit kulturminne som etter ei kulturhistorisk vurdering er identifisert som verneverdig og oppført på ei liste over objekt som skal forvaltast på ein nærmare definert måte. Både kulturminne som er formelt verna (ved lov eller forskrift) og kulturminne utan formelt vern kan vere listeførte Eksempel på listeføring er NB! registret, Liste over særleg verneverdige kyrkjer
- **Naturresevat**
- **SEFRAK registrerte og utvalde i Bygningsvern 1992 ):** Nemninga blir brukt om bygningar som blei registrerte i regi av SEFRAK (Sekretariatet for registrering av faste kulturminne) i åra 1975-1995. Registreringane omfattar i prinsippet alle bygningar som er bygde før 1900
- **KULTURLANDSKAP I SOGN OG FJORDANE Rapport nr 12, kulturlandskap og kulturmarkstyper i Hornindal.** Områda er mellom anna vurdert med tanke på kulturhistorisk verneverdi og i forhold til betyding for friluftsliv og reiseliv. Dei 19 modellområda/kulturminna er (Sætremyrane er eit av dei 19 områda);

Presentasjon av kulturminne – kulturmiljø

**som har ein formell status, eller som er omtalt som viktige i ulike planar og rapportar :**

- ❖ Hornindal kyrkjestad ID: 84633 Freda - ansvarleg: Fylkeskommunen
- ❖ Jytleskotet ID: 25918 Automatisk freda - ansvarleg: Fylkeskommunen
- ❖ Grindbygd låve ID: 87646 Automatisk freda - ansvarleg: Fylkeskommunen

- ❖ Kirkhorn Arkeologisk minne ID: 100875 Automatisk freda - ansvarleg: Fylkeskommunen
- ❖ Kyrkjegard Arkeologisk minne Automatisk freda - ansvarleg: Fylkeskommunen
- ❖ Stove/ nystove på gnr 207/1 Grøthaug ID: 87349 (SEFRAK registrerte og utvalde i Bygningsvern 1992) Automatisk freda - ansvarleg: Fylkeskommunen
- ❖ Eldhus på gnr 208/1 Lida ID: 87350 (SEFRAK registrerte og utvalde i Bygningsvern 1992) Vedtaksfreda - ansvarleg: Fylkeskommunen
- ❖ Grodåsheimen Lokalt verna
- ❖ Hornindal Kyrkje Listeført
- ❖ Sætremyrane, torvmyr/ torvtak industri (Rapport nr 12 KULTURLANDSKAP I SOGN OG FJORDANE, kulturlandskap og kulturmarkstyper i Hornindal) Naturreservat
- ❖ Husmannsplass på gnr 199/6 Nygård SEFRAK registrerte
- ❖ Stølsmiljø, Strynesætra SEFRAK registrerte
- ❖ Smie på gnr 178/3 SEFRAK registrerte
- ❖ Gardsanlegg på gnr 205/6 Kirkhorn SEFRAK registrerte
- ❖ Gardsanlegg på gnr 214/1 Jutedalen SEFRAK registrerte
- ❖ Kvernhus på gnr 181/6, 8,13 Lødemel SEFRAK registrerte
- ❖ Otredalsætra, stølsvoll/beitevoll Kulturlandskap
- ❖ Otterdal 1, slåtteng Kulturlandskap
- ❖ Otterdal 11, slåtteng Kulturlandskap
- ❖ Krokane i Knutsdalen, Slåttemyr Kulturlandskap
- ❖ Engelund, Hagemark/beitebakke Kulturlandskap
- ❖ Arneladehaugen i Honndalslida, Utmarkslåtteenger Kulturlandskap
- ❖ Espe, Bjørkehager Kulturlandskap
- ❖ Knutsdalen, (her beskriv dei eigentleg Knutsdalsetra) Beitevoll m «bjørke allé» Her ser ein merker etter ein gard frå 1600-talet. Kulturlandskap
- ❖ Krokaøya, Slåtteng Kulturlandskap
- ❖ Ryggjene, Slåtteng Kulturlandskap
- ❖ Lønne, Hagemark med gråor Kulturlandskap
- ❖ Bruasetra, Heilskapleg stølslandskap Kulturlandskap
- ❖ Storesetra, Heilskapleg stølslandskap Kulturlandskap
- ❖ Hjortedalsetra, Heilskapleg stølslandskap, stølsvoll og slåtteng Kulturlandskap
- ❖ Knutsdalsetra, (Sandgrova som var felleseter) Heilskapleg stølslandskap Kulturlandskap
- ❖ Strynesetra og Heilskapleg stølslandskap Kulturlandskap


#### 4.3 BESKRIVELSE AV REPRESENTATIVE KULTURMINNE INNAN DEI TRE SATSINGSOMRÅDA

- Kulturminne som skal eventuelt prioriterast i f.h.t formidling, skilting eventuelt skjøtsel
- Kulturminne og kulturmiljø som er aktuelle å regulere til bevaring
- Kulturminne ein ynskjer å prioritere for verdiskaping

**Dette er kulturminne som vi ynskjer å ta vare på og gje ein verneverdi knytt opp mot Plan og bygningslova i kommunen.** Kulturminna vert registrert i Kulturminnesøk som ein del av tiltaksplanen. Kulturminna har ikkje ein juridisk bindande verdi før dei eventuelt blir lagt inn i kommunen sine arealdelplaner. (Ein del kulturminne har automatisk juridisk bindande vernestatus. Desse kulturminna finne ein og i databasen Askeladden). Kulturminna er ikkje presentert i prioritert rekkefylgje. Vi nemner dei vi meiner er viktige, men lista må ikkje sjåast på som uttømande. Ved rulleringar kan ein ta inn fleire kulturminne.

Kartet under er henta frå fylkesatlas.no som er fylkeskommunen og fylkesmannen si felles kartteneste for fylket. [Fylkesatlas](#) , og illustrerer noko av opplysningane ein hente ut frå denne karttenesta.

Velg Temalag  
Kultur og  
historie:



SEFRAK bygg, freda bygg, stadnamn, omsynsoner, verdt å sjå, er opplysningar du kan finne i Fylkesatlas.

For hvert enkelt kulturminne må vi stille følgende spørsmål:

Kva fortel dette kulturminnet oss ?

Kva verdi har det og kva representerer det ?

Har vi foto og tekst som fortel om dagens tilstand ?


Har vi forslag til forvaltning og skjøtsel ?

Korleis kan vi gjere kulturminnet tilgjengeleg for alle (ikkje nødvendigvis fysisk tilgjengeleg)?

1. [HORNINDAL KYRKJESTAD Ask ID:84633](#)  
[VERNESTATUS: FREDA](#) (ulike vernetypar på enkeltminna)

(Datering: Middelalder 1800-talet, tredje kvartal Art: Fjerna kyrkjebygg, kyrkjegard, kyrkje Vernestatus: Uavklart

Hornindal stavkyrkje 1 Art: Fjerna kyrkjebygg Datering: Middelalder Vernestatus: Uavklart



Hornindal kyrkje 2 Art: Fjerna kyrkjebygg Datering: Middelalder Vernestatus: Uavklart)



2. [GYTLESKOTET Ask ID:25918 og 121328](#)  
[Automatisk freda](#)

Arkeologisk minne. To steinbrot (kalsedonbrot).

Funksjon: Industri, framstilling, produksjon . Datering:

Steinalder – Bronsealder. Registrerte funn:

Kalsedonbrudd.

### [Bevaringsprogram for utvalte arkeologiske kulturminne \(BARK\) 2010-2020](#)

**Tiltak:** Kulturminnet prioriterast for formidling, skilting og skjøtsel. Tiltak er i verksett. Ansvarleg for tiltaka er Sogn og Fjordane fylkeskommune. Hornindal skule ved ein ungdomsskuleklasse har hatt oppgåve i forbindelse med tiltaka i Gytleskotet.



3. [GRINDBYGD LÅVE PÅ KIRKHORN Lokalitets ID:87646](#) [Automatisk freda \(fylkesatlas\)](#)



KJELDE: Kulturminnesøk.no : Kategori: Bygg-Infrastruktur Art: Gardstun  
Opphavelig funksjon: Uspesifisert Datering: 1500 talet, etterreformatorisk tid

*På Kirkhorn i Hornindal står ei grindbygd løe. Heimeløa med fjøset har ein eldre del som er ei gamal skotløe, og som går attende til 15-1600-talet. Den nyare delen med*



irminneplan 2016 – 2019 KS-046/16

fem grinder er tilbygd i 1860

Tiltak:..

4. **KIRKHORN ID: 100875 Automatisk freda.**

Datering: Middelalder.

Kategori: Arkeologisk minne Synleg over bakken: Ja Beskriving: Kulturminnet inneheld ein horisont med fleire lag med trekol, der det nedste laget vart datert til AD 1400/1450. Truleg stammar kollaga då etter busetnad i området like etter svartedauden. Før utskiftinga kring 1860



stod det hus der kollaga vart dokumentert. Tiltak:..

5. **KYRKJEGARD VERNESTATUS: AUTOMATISK FREDA**

Datering: Middelalder Kategori: Arkeologisk minne Beskriving: Avgrensa av kyrkjemur i Ø, anslagsvis avgrensing i N,S og V. Tiltak:..

6. **STOVE/NYSTOVE PÅ GNR 207/1 GRØTHAUG ID: 87349 Automatisk freda. SEFRAK-bygningsvern**

Kjelde: Kulturminnesøk.no



Kategori: Bygg-Infrastruktur Art: Gardstun Datering:1600 talet, første kvartal Registrerte funn: Melkebudmasstue

Det freda huset på Grothaug er ei lafta stove med treroms plan frå seinmellomalderen. Den er kledd utvendig med liggande panel og tekt med torv. I eine enden er det bygd til ein grindbygd vedskåle, og i andre enden ei tohøgda nystove. Gamlestova har nå ein

skorstein, men har opphavleg hatt åre. Det grå huset på biletet er no vekke. Bygget bak den gule "nystova" er det som er freda. Taket på det freda bygget vart restaurert kring 2010. Bruket blir lokalt kalla for "Sigrid-bruket" etter Sigrid Grothaug som budde der fram til 1970-talet. Dette bruket var i si tid rekna for eit viktig og stort bruk. Referanse: Paul O. Tomasgard *I Plan for bygningsvern i Hornindal er dette objektet plassert i verneklasse A, altså freda etter kulturminnelova. Beskriving der er fylgjande: Den gamle stova i dette samanbygde anlegget er tidfest til sein mellomalder og er allereie freda. Nystova frå 1700-talet er samanbygd med den gamle stova ved hjelp av ein gang. Stor autensitet og høg alder gjer det naturleg at heile dette anlegget får same vernestatus.*

Tiltak: regulerast for bevaring. Om eigar er interessert kan det vere aktuelt å prioritere kulturminnet for formidling. Riksantikvaren har i 2015 gjeve tilsegn om tilskot til istandsetting.

7. [ELDHUS PÅ GNR 208/1 LIDA ID: 87350 SEFRAK-bygningsvern](#)

[Vernestatus:](#)  
[Vedtaksfredet](#)



[Masstove på garden](#)  
[Lien](#)



Kjelde: Kulturminnesøk.no: Kategori: Bygg-Infrastruktur  
Art: Gardstun Opphavelag funksjon: Landbruk Datering: 1600-tallet Registrerte funn: Melkebod-masstue. På garden Lien står ei stove som er datert til 1689. Dette er ein lafta bygning med treroms plan utan kledning og tekt med torv. Huset har ljore.

Fra Askeladden: Lien eller Olsbø er en liten høgdegard øverst i en dal som løper opp om lag en kilometer sørøst fra Grodås, sentrum i Hornindal. Fra gården er det utsikt til østre del av Hornindalsvatnet. Stovebygningen ligger midt i et gårdstun, med bygninger av ulik alder.

Kjelde: SEFRAK-bygningsvern 1992: I Plan for bygningsvern i Hornindal er dette objektet plassert i verneklasse A, altså freda etter kulturminnelova. Der står fylgjande om objektet: Den gamle stova er frå 1689 og har i kraft av høg alder og stor autensitet høg verneverdi. Huset har truleg vore bygd som ljorestove og sidan fått innsett peis. Stova er i god stand og eigar har rekna huset som freda. Dette er det ikkje formell avgjerd på, men etter vår meining bør huset få eit slikt vern.

[Fredningsgjennomgang m.a. er masstova i Lida nemnt.](#)

Tiltak: regulerast for bevaring. Om eigar er interessert kan det vere aktuelt å prioritere kulturminnet for formidling.

## 8. HORNINDAL KYRKJE 3 Vernestatus: Listeført kyrkje



Hornindal kyrkje er ei langkyrkje i tre og er bygd på garden Kyrkhorne sin grunn. Kyrkja, som har 400 sitjeplassar, vart vigsla 30. november 1856 av prost Wilhelm Frimann Koren. Arkitekt var kaptein Ludolph Rolfsen frå Mindresunde i Stryn, som laga sine teikningar etter Linstow si typeteikning.. Kjelde: Foto og tekst, Kulturhistorisk leksikon, Sogn og Fjordane Fylkeskommune

40

[Foto Hornindal Kyrkje](#)

[1926 - Nasjonalbiblioteket](#)

[Om listeførte kyrkjer- Riksantikvaren](#)

Listeførte kirker

*Alle kirker bygget mellom 1650 og 1850 er listeførte. I tillegg er en rekke kirker bygget etter 1850 også listeførte. At en kirke er listeført, innebærer at den er definert som verneverdig og har nasjonal verdi. Det betyr at de skal behandles med like stor respekt som fredete kirker.*

*Kirkelisten er et resultat av et omfattende arbeid der alle landets kirker fra etter 1850 ble gjennomgått. I utvelgelsen lå blant annet følgende kriterier til grunn: arkitektonisk/kunstnerisk verdi, representativitet, autentisitet, plassering og interiør.*

*Listeførte kirker skal behandles i henhold til det såkalte kirkerundskrivet fra Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet og Miljødepartementet. Kjelde: Riksantikvaren*

Altartavla i Hornindal kyrkje

*"Det er eit sjeldant kunstverk, og me er kunstnaren Dagfin Werenskiold stor takk skuldig", sa soknprest Jon Johnson då altartavla - eit kunstverk i treskurd og måling - vart vigsla i påskehelga 1932. Men fire andre personar hadde òg gjort seg fortente til takk: presten Johnson hadde skore ut tavla etter original av Werenskiold, og han og kona Alhed hadde måla ramma som Rasmus S. Kirkhorn hadde vore meister for. Dessutan hadde Steffen Hatlelid skrive ein salme til kunstverket til vigslingsdagen. Kjelde: Kulturhistorisk leksikon, Sogn og Fjordane Fylkeskommune.*

## 14.5 SÆTREMVRANE NATURRESERVAT : [Sætremvrane naturreservat](#)

Sætremyrane naturreservat ligg i Honndalen på sørsida av elva. Området hallar slakt mot nord, ned mot Honndøla. Det ligg dyrka mark på oversida av reservatet mot sør. Det er ein del skog i reservatet. Den sentrale høgmyra er tresett med glissen furumyrskog, og i kantane i sør og aust inngår noko furu- skog på fastmark.

Det stod tidlegare ein torvstrøfabrikk på myra, og restar etter skinnegang, torvhus og torvhjesjer er no interessante kulturminne. Fabrikken og historia om den skildra av (Sætren, 2001) .

Kjelde: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Rapport 8-2012

Historia og meir opplysningar finn du i rapporten.



Er Sætremyrane einaste myr reservatet i Noreg med eigen jarnbane? Spora etter torvstrødrifta er i alle høve kulturhistorisk interessante, og det er viktig å ta vare på både natur- og kulturverdiar i klimaarbeidet. Foto: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane


Tiltak: Prioriterast for formidling, skilting, skjøtsel og verdiskaping.

[Hornindal.kommune, natur og miljø, Informasjon om Sætremyrane og tiltak](http://Hornindal.kommune.natur-og-miljo.no)

- 9. [HUSMANNSPASS PÅ NYGÅRD gnr 199/6 \(Høgehogen\)](#)  
[Kjelde: SEFRAK-bygningsvern 1992, der det er føreslege å plassere objektet i verneklasse A: Freding etter kulturminnelova](#)

*Det har vore mange husmannsplassar i Hornindal, men i dag er det berre få spor att etter desse. Dei kulturminna ein har vil vere desto viktigare for å dokumentere ein viktig lekk i bygda si søge. På Nygård*

*er det bevart ei anlegg som var husmannsplass fram til 1902. Det er to hus- bustadhus og*



*driftsbygning. Begge er ein del ombygde og påbygde, mellom anna har driftsbygningen fått ein del kledning og nytt tak, men husa er likevel godt eigna til å representere ein viktig epoke i sosialhistoria vår. Ved vurdering av dette anlegget er det lagt ei viss vekt på bygningshistorie og næringshistorie, men det er særleg det sosialhistoriske aspektet som har vore utslagsgjevande. Det er ikkje kjent kor gamle dei to husa er, bortsett frå*

*at dei truleg er bygde på 1800-talet. Alder har heller ikkje vore utslagsgjevande i vurderinga av anlegget. Dette var skriva i 1992 i forbindelse med SEFRAK registrering og bygningsvern. Tilstanden til husa er noko endra sidan dette. Dei har ikkje vore brukte og muligheita for å ta vare på denne husmannsplassen burde vere til stade.*

Tiltak: Bør bevarast og det er ynskjeleg å prioritere for formidling, skilting og skjøtsel.



Foto: N.H. Holmøy-Wang april 2016



14.18 **SÆTERMILJØ PÅ STRYNESÆTRA:**  
**Kjilde:SEFRAK-bygningsvern 1992 der det er føreslege å plassere objektet i verneklasse A: Freding etter kulturminnelova**

*Utnytting av dei store fjellområda i kommunen til seterdrift og beite om sommaren har vore ein viktig del av*



*driftsgrunnlaget for jordbruket i kommunen. Det finnast fleire store seterområde i dei vide sidedalane til*

*hovuddalføret. Ein av desse sidedalane er Knutsdalen, der Strynesetra ligg....*

Strynesætra er ei av mange sætrar i Hornindal. Mange av setrane er godt bevarte, og ein har verna om setrane og setrekviene. Setrelivet er ei viktig historie som har hatt ein sentral plass i kulturhistoria vår på ulike måtar, både før og no.

Tiltak: Strynesætra er i bygningsvern føreslege freding. Generelt bør ein vidareføre klare retningslinjer for kva inngrep som kan gjerast på sætrane i Hornindal. Å bevare det opphavlege miljø og byggeskikkar, bevare same ferdselsmønster og ikkje bygge nye tilkomstvegar til sel og setrekvie. Setrane bør få eit formelt vern gjennom plan og bygningslova.

[fylkesarkiv - Sætrar](#)    [Sætrar \(fylkesatlas\)](#)

[Verdifulle kulturlandskap og kulturmarkstyper i Sogn og Fjordane – Prioriterte områder , Sogn og Fjordane distriktshøgskule, Avdeling for landskapsøkologi](#)

I denne rapporten ser vi at Grendadalen, område 46, er valt ut som eit verdifult kulturlandskap i Sogn og Fjordane. Området omfattar Bruasetra, Storesetra og Hjortedalsetra. Hovudgrunnen til at området er valt ut er dei mange, markerte stølsanlegga, fleire med karakteristisk bygningslokalisering. Dalen er relativt lite prega av moderne inngrep i form av gran planting, vegbygging, grusuttak og/eller hyttebygging.



Strynesætra - Fylkesatlas . Bygg med raude trekantar er registrert i SEFRAK-registeret .

10. [SMIE PÅ GNR 178/3 Ytrehorn Kjelde : SEFRAK- bygningsvern 1992 der det er føreslege å plassere objektet i verneklasse A: Freding etter kulturminnelova](#)



Foto: N.H. Holmøy-Wang april 2016

*Smia har i kraft av høg alder, autensitet og som næringshistorisk dokument stor antikvarisk verdi. Smia var i bruk som tradisjonell smie fram til 1980 og representerer ein tradisjon og ei næring som har vore svært viktig for bygda. Smia var og nytta i høve innspeling av ein film om ljåsmiing som Kommunens Filmsentral tok opp rundt 1980. Kjelde: Plan for bygningsvern 1992*

Tiltak: regulert for bevaring. Om eigar er interessert kan det vere aktuelt å prioritere kulturminnet for formidling. Kulturminnet kan vere aktuelt for verdiskaping. Smia ligg nær skule og sentrum.

11. **GARDSANLEGG PÅ GNR 205/6 KIRKHORN: SEFRAK- bygningsvern 1992 der det er føreslege å plassere objektet i verneklasse A: Freding etter kulturminnelova**

*Reint bygningshistorisk representerer dette tunet siste halvdel av 1800-talet med stovehus og kombinert driftsbygning som dei på den tid dei nye husa i tunet, og stabbur og masstove som*

eldre hus som framleis gjer nytte. Bustadhuset ber bod om at dette har vore ein sentral gard i bygda, der impulsar utanfrå tidleg har slått rot. Stilhistorisk kan huset plasserast i sein Empire, men huset har og trekk frå sveitserstilen som var på veg inn på denne tida. Dersom det stemmer at huset vart bygd mellom 1860 og 1870 er dette av dei tidlegaste innslaga av sveitserstil på vanlege gardshus i Nordfjord. Alderen på masstova og stabburet har vore medverkande til at bygningsmiljøet er vurdert i høgaste verneklasse. Ved sida av dei reint bygningshistoriske tilhøva, er det og næringshistoriske og sosialhistoriske tilhøve som tel med vet fastsettinga av verneverdien. Bruket har gjennom lang tid vore eit kulturelt og politisk samlingspunkt i bygda. Knut Rasmussen Kirkhorn som let sette opp ny stove og driftsbygning var i tillegg lærar og kyrkjesongar også ei tid ordførar i kommunen, og stortingsmann.



Gamletunet på Kirkhorn. Til høgre på biletet ser ein murar i samband med ein avloingsveg som vart bygd truleg på 1900-tallet. I dette området ligg og eit arkeologisk minne. Tiltak: Regulerast for bevaring. Om eigar er interessert kan det vere aktuelt å prioritere kulturminnet for formidling.

Foto N.H. Holmøy-Wang 13.4.16

[Fylkesarkivet - om Kirkhornstunet](#)

12. **GARDSANLEGG PÅ GNR 214/1 JUTEDALEN** **Lokalitets: Kjelde: SEFRAK-bygningsvern 1992** **der det er føreslege å plassere objektet i verneklasse A:** **Freding etter kulturminnelova**



Landskap, gardstun, menn, tre, utsiktsplass, grensemerke, Fv. Arne Lødemel (1919) og Arent Lødemel setande mellom dei to trea som skulle markere grensa mellom gardane deira. Det eine av

trea har no blåse ned. Gardstun med bygningane langt nede. Gnr. 214.001 og 003. Repro/datreg: Sep.1991, Fylkesarkivet (SFF) v/RAL.

**Hornindal (Hornindal), Jutdal, 1940 - 1950 (??)Bilde nr.SFFf-1991059.0001**

Anlegget omfattar kombinert driftsbygning, masstove, nystove, eldhus, smie og to gardfjøsar. I tillegg er det eit bustadhus på garden frå fyrste halvdel av 1900-talet og ein ny driftsbygning ved sida av den gamle. Før noverande bustadhus vart bygd låg det eit eldre stovehus ved sida av masstova. I tillegg var dette stabbur, stall, hjulhus og kvernhus. Alle desse husa er vekke i dag. Høg alder og stor autensitet gjer at vi tillegg dette miljøet stor vekt og gir det høg bygningshistorisk verneverdi. Jutedalen har i tillegg eit mangfaldig bygningsmiljø med mange bygningstypar representert.

Tiltak: Regulerast for bevaring. Om eigar er interessert kan det vere aktuelt å prioritere kulturminnet for formidling.

13. [KVERNHUS PÅ GNR 181/6, 8, 13 LØDEMEL: Kjelde: SEFRAK-bygningsvern 1992 der det er foreslege å plassere objektet i verneklasse](#)



#### A: Freding etter kulturminnelova

Foto N.H. Holmøy-Wang april 2016

*Knapt nokon andre hus har så stor fortellingspotensiale som kvernhusa har. Ut frå eit velhalde kvernhusmiljø kan ein lese ut noko om eit visst teknologisk nivå, om arbeidsorganisering og om ein driftsmåte som har vore svært viktig i ein periode innan jordbruket. Kvernhusa er utsett for å forfalle raskt når dei ikkje lenger er i bruk, på grunn av plassering tett til ofte flaumtrua elver. Etter at korndyrkinga tok slutt er det derfor ikkje så mange slike hus att. Desto viktigare er det å få sikra eit utval av dei som framleis står. Dei to registrerte husa var sist i bruk som kvernhus under krigen. Det var mange kvernhus som fekk ein renessanse desse åra når det var vanskeleg å skaffe matmjøl.*

Tiltak: Regulerast for bevaring. Om eigar er interessert kan det vere aktuelt å prioritere kulturminnet for formidling. Kulturminnet er aktuelt for verdiskaping.

#### 14. KULTURLANDSKAP – FLEIRE OMRÅDER



Januarmorgon på Storesetra 2016 .

Foto: Norunn Helene H-W .

Kulturlandskap og kulturmarkstyper i Hornindal

[Viktige naturområder - Fylkesatlas](#)

Rapport nr 12 KULTURLANDSKAP I SOGN OG FJORDANE, 1990 utarbeid av Inger Merete Maurset, Hilde Gunn Stenseth og Ingvild Aurstad tek føre seg kulturlandskap og kulturmarkstyper i Hornindal. Områda er mellom anna vurdert med tanke på kulturhistorisk verneverdi og i forhold til betydning for friluftsliv og reiseliv.

Rapporten er høgst aktuell, nærmast er ein kulturminneplan. Ein bør ein gå igjennom for å verdsettje og registrere områda/kulturminna. Ei eventuell oppfylging av føreslegne skjøtselplanar må settast i system. Dette tiltaket vert lagt inn i tiltaksplanen. Dei 19 modellområda/kulturminna er;

- 14.1 Otredalstranda, kulturskog/ «navskog»
- 14.2 Oterdalsetra, stølsvoll/beitevoll
- 14.3 Otterdal 1, slåtteng
- 14.4 Otterdal 11, slåtteng
- 14.5 Sætremyrane, torvmyr/ torvtak industri (er og Naturreservat)
- 14.6 Krokane i Knutsdalen, Slåttemyr
- 14.7 Engelund, Hagemark/beitebakke
- 14.8 Arneladehaugen i Honndalslida, Utmarkslåtteenger

- 14.9 Espe, Bjørkehager
- 14.10 Knutsdalen, (her beskriv dei eigentleg Knutsdalsetra) Beitevoll m «bjørkeallè» Her ser ein merke etter ein gard frå 1600-talet.
- 14.11 Krokaøya, Slåtteng
- 14.12 Ryggjene, Slåtteng
- 14.13 Lønne, Hagemark med gråor
- 14.14 Bruasetra, Heilheitleg stølslandskap
- 14.15 Storesetra, Heilheitleg stølslandskap
- 14.16 Hjortedalsetra, Heilheitleg stølslandskap, stølsvoll og slåtteng
- 14.17 Knutsdalsetra, (Sandgrova som var felleseter) Heilheitleg stølslandskap
- 14.18 Strynesetra og Heilheitleg stølslandskap
- 14.19 Hornindalsetra . Heilheitleg stølslandskap

Nærmare beskriving, kart, foto, forslag til skjøtsel finn ein i: [Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Hornindal kommune, Rapport nr 12 Bruk og Vern, Sogn og Fjordane distriktshøgskule, Avdeling for landskapsøkologi](#)

Viser her også til «Tiltakstrategiar for kulturlandskap, utmark og miljø» - Kommunedelplanen for Hornindal Kommune som og viser til rapport 12 «Kulturlandskap og kulturmarkstyper» , der med tanke på miljøtiltak i landbruket.

«Tiltakstrategiar for kulturlandskap, utmark og miljø» - Kommunedelplanen for Hornindal Kommune omhandlar og spesielle miljøtiltak i landbruket m.a. knytt til setermiljø, bygningar og kulturmark i utmark, rydding av innmarksbeiter for dyr, og ferdselsårer. Mykje av det som her vert omtalt er kulturminne. Under Bygningar og bygningsmiljø er det også i denne planen nemnt dei prioriterte bygga i SEFRAK- registreringa – Bygningsvern- 1992 .

Kulturlandskap 19. områder: sjå forslag til tiltak i [Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Hornindal kommune, Rapport nr 12 Bruk og Vern, Sogn og Fjordane distriktshøgskule, Avdeling for landskapsøkologi](#)

Tiltak: ein gjennomgang og ny verdivurdering av desse områda vil gje grunnlag for å vurdere om objekta, eventuelt eit utval av dei, skal regulerast til bevaring, prioriterast for verdiskaping eller andre tiltak.

Når vi har kalla Kulturminneplanen «Frå bru til bru – vegen gjennom Hornindal, frå generasjon til generasjon – vegen gjennom kulturhistoria» er det nettopp bruene i postvegen

og vegen gjennom bygda som representerer ei historie om utvikling, og spora langs med ruta som fortel om eldre og nyare tid. Symbolikken, vegen som blir til medan vi går, kulturen som ligg forankra langt tilbake i tid, som gjev oss identitet, men og impulsar utanfrå som påverkar og vidareutviklar. Ferdelsårer fortel ei historie og er viktige kulturminne som har påverka landskap og kultur. I arbeidet med planen ser vi at mange av kulturminna som kjem fram knyter seg til ferdsel. Ferdelsårane inn og ut av bygda, og inn ad i bygda har vore svært viktige..., då som no.



Den Trondhjemske postvei /traseen frå Fannemel opp mot Dalebrua Foto: N.H. H-W. 13.04.16

#### 15. DEN TRONDHJEMSKE POSTVEI GJENNOM HORNINDAL

*Landpostruta Bergen – Trondheim starta i 1785, og på 1790-talet vart Den Trondhjemske postvei bygd gjennom Hornindal. Vegen førte til meir trafikk av post og reisande. I Hornindal går vegen frå grensa til Stryn ved Sindre og til grensa til Stranda ved Støverstein. I starten gikk vegen til vatnet og postbryggja ved Øyebakken til Grodås. Seinare vart vegen lagd over Kjøsahalsen og ned til Svor. På vegen passerer ein fleire gamle bruer. I Sindre-Øyane ligg Bredvadbreen og Nordabrua, og i andre enden ligg Horndøla bru.*

*På Kirkhorn låg eit av to postopneri langs ruta i Nordfjord. Det andre var på Breim. Kontoret var ope fram til 1840. I 1849 vart det opna nytt postkontor på Grodås. 1898 kom det postopneri i Indre Hornindal med Rasmus A. Solheim som fyrst styrar. Dette var ope fram til*

1973. I Kjøs var det brevhus frå 1906 – 1964. Dobakk hadde brevhus frå 1909 til 1973. På Støverstein var det brevhus frå 1912, omgjort til postopneri i 1918 og nedlagt i 1928.

Reisande trong overnatting. Frå slutten av 1860-åra var det handelsmenn og hotell på Grodåsanden. Ved Kjøs skysstasjon var det overnattingsmulegheiter.

### Den Trondhjemske postvei - frå Utvik til Sunnmøre

51

Postveien er i dag nytta til turveg frå Svor til Sindre. Frå Svor til møregrensa er vegen stykkevis og delt. Området ved Horndøla bru er mykje nytta av turistar som vil strekke på beina og fotografere brua med den majestetiske Honndalsrokkjen i bakgrunnen.

Den gamle telelinja over Kjøs er og i postvegrapporten nemnt som eit kulturminne som bør takast vare på. Inntakstolpe står ved gamle Grodås hotell, der det ei tid var telegraf.

I historie om Posten (Kjelde:...) finn vi fylgjande; «*Posten var tidleg ute i Hornindal. Allereie i 1786 vart det oppretta postkontor, og då under namnet Kirkhorne postopneri. I historia finn vi at det var ein periode på om lag 7 år rundt 1840 at postkontoret var nedlagt. Hornindal er i dag i lag med Breim postkontor (Ree i Breim 1785) dei eldste poststadane i Nordfjord. Dette fortel at posten i Hornindal har vore i drift i om lag 200 år. Det fyrste postkontoret låg på garden Kirkhorn, som vi i daglegtale kallar «Tunet» ved kyrkja. Der var det i om lag 100 år til 1885, då det vart flytta til lensmannsgarden. Frå lensmannsgarden vart posten flytta i 1906 ....»*

Kjelde: NRK sitt arkiv , Paul O. Tomasgard, Postvegrapporten

Sjå og Hornindal historielag- Årsskrift 1994

*Nasjonal verneplan for veger, bruer og vegrelaterte kulturminner Statens vegvesen – Region Vest. I denne planen er ein parsell i Gulen valt ut og i vurderinga kan vi lese fylgjande;*

*Vurdering: Vegens verneverdi må ses i relasjon til andre parseller av «Trondhjemske Postvei» som er valgt ut. Store deler av denne veg parsellen går over vann, og den utfyller de to andre utvalgte veg parsellene i Møre og Romsdal og Hordaland. Parsellene går gjennom ulike landskapstyper, og til sammen viser de bredden i den utforming som postvegen fikk. **Store deler av postvegen er i dag bevart, og det er svært ønskelig at så mye som mulig blir bevart også i fremtiden.** Vi har valgt ut tre parseller som skal representere hele denne 695 km lange vegstrekningen hvorav 150 km er kryssing av fjorder og innsjøer. Spesifikke vernebestemmelser skal utarbeides.*



Den Trondhjemske postvei, (Historia om vegen, bruene, postbyggja, telelinja, postopenia, overnattingsstadar /turismen som vaks fram som fylgje av vegen) : Sjå Nasjonal verneplan, og postvegrapporten.

Tiltak: Dei delane av traseen som i dag er synlege i naturen regulerast til bevaring, formidling, skilting og skjøtsel. Aktuelt å prioritere for verdiskaping. Digitalisere turen/historia gjennom Hornindal som knyter seg til denne ruta. Kulturminne ein passerer langs ruta vert og skilta (opplysningstavler) . Traseen må registrerast som kulturminne. Skjøtselplanar må utarbeidast , og strekningar der det må gjennomførast tiltak for å bevare vegen må det utarbeidast planar for. Dette kan delast opp i delstrekningar og delane takast inn i handlingsplanen kvar for seg.

Foto: strekninga frå Svor opp mot Kjøsahalsen.

Foto: N.H. Holmøy-Wang 9.april 2016

### 15.1 STORELVBRUA

### 15.2 NORDAELVBRUA I SINDRE -ØYANE



[Kvelvingsbruer i Hornindal](#) Langs Riksveg 60 gjennom Hornindal vil ein passere fleire vakre kvelvingsbruer, som kan vere verd å legge merke til. Etter å ha kryssa møregrensa vil ein fyrst sjå Honndøla bru. Vidare framover dalen kryssar ein Dalebrua og Storebrua. Dersom turen går vidare mot Stryn, ser ein ei større kvelvingsbru ved Øyebakken, og litt seinare eit anlegg med fleire steinhellebruer.                    Kjelde: Sogn og Fjordane fylkesarkiv

Tiltak: Alle kvelvingsbruene er vakre kulturminne som bør registrerast og takast vare på. I handlingsprogrammet prioriterer ein eit utval av bruer, Sindre ligg i Stryn kommune, og såleis Kvithellebrua og Storelvbrua og Nordaelvsbrua ligg i grenselandet mellom kommunane. Dette bør ikkje vere eit hinder for å sjå miljøet i heilheit og kunne legge vidare til rette for eit opplevingsområde. Gamle Rødemel bru er vekk, kunn restar att. Bilete og kort historie ved restane kan vere aktuelt. Vi har og bruene på Øyebakken, Storebrua og Dalebrua som er aktuelle å regulere for bevaring.

#### 15.4 [DEN GAMLE TELELINJA OVER KJØSAHALSEN](#)



Foto: N.H. Holmøy-Wang    April 2016

Dette er fyrste telelinja i Hornindal som var sett opp seint på 1800 talet. Tiltak: Det er få spor att frå denne telelinja. Berre fundament til stolpane kan ein sjå langs postvegen. I og med at det er få synlege spor att etter telelinja kan ein enten velje å bevare fundamenta som i dag er synlege, og eventuelt sette opp att stolpar i ein eller to av desse, skilte/sette opp

informasjonstavle og eventuelt formidle digitalt denne historia. Dette er og ein del av opplevingsverdien langs med postvegen. Eit anna alternativ er å bygge opp att linja til slik ho var fram til 2015.

### 15.5 INNTAKSTOLPE TIL TELEFONSTASJON



Den 9. juli 1993 vart det avduka ein solid telefonstolpe i stein på Grodås. Steinen er ein kopi av den fyrste inntaksstolpen til telefonstasjonen på Grodås. Inntaksstolpen vart reist på om lag same plassen 100 år før. Stolpen står i dag ved Grodåsheimen. I Grodåsheimen var det telegraf.

Tiltak: Stolpen bør regulerast til bevaring og bli teken vare på. Det må i større grad leggst til rette for formidling av denne historia.

### 15.6 GRODÅSHEIMEN gnr 206/16 - lokal vernestatus



*Kjelde: Ottar Starheim, NRK Sogn og Fjordane  
Tidlegare Navelsaker Hotel . Lars P. Navelsaker starta i 1876 Navelsaker Hotell (Hotell Grodås), landhandel og bakeri på Grodåsanden. Hotellet eller delar av bygningskomplekset skal også ha vorte kalla "Hotell Bellevue". I ein stor sal i hotellet heldt Hornindal Ungdomslag festane sine før laget bygde ungdomshuset Dølheim på Løddøen. Både hotellet og landhandelen vart lagd ned ca. 1900, og butikklokala vart overtekne av Hornindal Handelslag (sjå dette) då det vart skipa i 1906.*



Ved Grodåsheimen står minnesteinen for telefonutbygginga i Hornindal. Foto: Ottar Starheim, NRK.

*Delar av hotellbygget vart seinare rive og flytta til Nordfjordeid, der det vart sett opp \*truleg ei tid etter 1900 som "Nordfjord Ungdomsheim" av Norges Kristelige Ungdomsforbund – NKUF. Dette pensjonatet vart seinare best kjent som "Heimen". Slektningar etter Lars P. Navelsaker, og til sist dotterdottera Laura Navelsaker, dreiv heilt fram på 1980-talet Grodåsheimen med utleige av overnatting og kafé i dei gamle hotellbygningane på Grodås. Denne slekta hadde også i lang tid telefonsentralen i bygda. I 1997 vart Grodåsheimen verna, men vernevedtaket vart oppheva i 2012, og eigaren hadde ynskje om å rive bygningen i samband med planar om å byggje helsetun på tomta. Hornindal kommunestyre sa ja til riving, men Sogn og Fjordane fylkeskommune klaga på vedtaket, og Fylkesmannen avgjorde så at Grodåsheimen ikkje kan rivast.*

*Artikkelen er basert på NRKs Fylkesleksikon for Sogn og Fjordane (2001–2014)*


*Publisert digitalt etter avtale med NRK 2014 Sist oppdatert: 15.10.2012 \*Små endringar er gjort i denne teksten som er henta frå fylkesarkivet. I fylgje Paul O. Tomasgard vart den nye delen av Hotell Grodås flytt til Nordfjordeid mykje tidlegare enn 1947. Truleg ei tid etter 1900*

Tiltak: statusen pr.d.d er verna jmf. Plan og bygningslova sin arealdel. Vernet har lita hensikt dersom det ikkje vert gjennomført tiltak. Vi foreslår her, med bakgrunn i dagens vernestatus, at bygget bør regulerast til bevaring og prioriterast for formidling og verdiskaping. Bygget har hatt mange epokar og vore ein del av Grodåsanden frå langt attende i tid.

***I KS-046/16 Handsaming av kulturminneplan 2016-2019 vart det gjort fylgjande vedtak***

- samrøystes;***
- 1. Grodåsheimen er omtala fleire stader i planen, og av omsyn til oppbygginga av planen vert den generelle planomtalen vedteken slik han ligg føre.***
  - 2. Det er ikkje grunnlag for å vidareføre vernet av Grodåsheimen, og objektet vert teke ut av handlingsdelen til kulturminneplanen.***

## 15.7 GAMLE RØDEMEL BRO



56

Storebrua som i dag er ein del av RV 60 . Gamle Rødemel bro kryssa elva her. Det raude huset er Mølla.  
Foto N.H.H-W 13.04.2016



Biletet viser den gamle Rødemels bro, truleg 17. mai 1913. Fotografen har stått på nordsida av elva og teke biletet mot Tomasgard.



Når det gjeld brua på Tomasgard «Rødemel bro», som var ein del av Den Trondhjemske postveg, låg ho noko vest for noverande bru som vart bygd i slutten av 1920-åra. Gamlebrua låg like aust for meieriet på Tomasgard som det i dag er berre ruinar att av. Bilete syner meieriet med mølla på andre sida av elva. Då nye vegen vart bygd, gjekk han på andre sida av mølla, (nordsida) enn gamlevegen. Inngangen til mølla vart då flytt til andre sida av huset, der han er i dag. Mølla vart også bygd på vestover under krigen slik at det er litt vanskeleg å forstå biletet ut frå no situasjonen. Kjelde: Paul O. Tomasgard

## 15.8 HONNDØLA BRU



© Honndøla bru i Hornindal er den lengste av bruene på postvegen i Nordfjord, med 52 meter. I 1937 vart brua ombygd med større breidde grunna snøbrøyting. Det vart lagt ei 5 m brei betongplate over dei gamle brukara. Den gamle brua vart avløyst av ny bru i 1972. Den nye brua ligg 20 m lenger sør for den gamle. Gamle Honndøla bru vart restaurert i 1995


Foto: Svein Otto Espe 2015


© Denne originale stabbesteinen står på austenden av Honndøla bru. Holet i steinen er 35 x 40 cm. Steinen er truleg funne i elva, og er kalla "Kjerringsteinen" av di han etter saga kunne brukast til å måla livvidda på kommande koner.

Det er to historier knytt til denne steinen.

Den første går ut på at brudefylgjet gjekk til denne steinen, og at bruda måtte krype gjennom steinen under alle sitt påsyn. Kom ho gjennom, var alt i orden, kom ho ikkje gjennom, var ho sannsynlegvis gravid.

Den andre historia går ut på at budeiene frå setrene i området måtte gå gjennom steinen når dei kom i mai og deretter når dei avslutta arbeidet på seinsommaren, for å sjå om dei hadde vore "laussleppte" i løpet av tenestetida.





## 16 BRATTEGJØLET-SAGELVA VASSBRUKSOMRÅDE KULTURMILJØ

(forprosjekt 1998- Ingebrigt Karbø)

Dette vassbruksområdet som forprosjektet tok føre seg høyrer til Tomasgard og Gausemel. Prosjektet munna ut i en rapport som beskriv mellom anna viktige verdiar og interesse knytt til området, og stoda til dei ulike prosjekta på dåverande tidspunkt. Også denne rapporten/forprosjektet beskriv kulturminne som vi ynskjer å få ein oppdatert status på og eventuelt tiltaksplan. Prosjektet vart ikkje vidareført då, men ei vidareføring no ville vere eit viktig tiltak for å ta i vare kulturhistoria vår. Fleire kulturminne er samla på eit område og området utgjer eit interessant kulturmiljø som representerer fleire element knytt til vassbruk, næring, samferdsle, jordbruk, matauk, rekreasjon, kraftutbygging, og ulike bygningar. Området ville vere godt eigna for kulturløype og det ville vere naturleg å sjå tiltaket i samanheng med «kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv». Også kommunedelplan «Tiltaksstrategiar for kulturlandskap, utmark og miljø beskriv dette prosjektet i kappittel 2 Verdiar og utfordringar, 2.3. Ferdselsårer og tekniske anlegg samt under 2.4 Bygningar og bygningsmiljø. Registrering, verdivurdering og eventuelle tiltak leggst inn i tiltaksdelen. Rapporten er digitalisert og kan lesast [her](#)

Tiltak: sjå forprosjekt. Regulerast til bevaring, formidling, skilting, skjøtsel og verdiskaping.



Kraftverket i Brattegjølet vart bygt i 1913 av Hornindal Electricitetsverk, som seinare vart omdøpt til Hornindal Kraftverk.

### [allkunne - Kraftforsyning i Hornindal](#)



### 17 **FERJESTEDE T I KJØSAPOLJEN** **ID: 1004106**

Her ser vi kaia på sørsida, og på nordsida ser vi garden Kjøs som ferja gikk over til. Kjøs var skyssstasjon, hadde overnatting, og etter kvart telefon. Frå garden går det veg opp mot skogkanten som knytter seg til Den Trondhjemske postvei. Foto: N.H.Holmøy-Wang 2015

Datering: 1900-talet,  
første kvartal Funksjon:  
Ferdsel og samferdsel.



Norunn Helene Holmøy-Wang august 2014

Foto:

*Ferjestedet ligg i Holen på sørsida av Kjøsapoljen. Det vart bygt opp av vegvesenet truleg i 1914.. Ferjestedet bestod/består av eit anlegg med oppmurt veg med stabbesteinar ned til Hornindalsvatnet frå Rv 15, oppmurt ferjekai for kabelferje, og trebryggje for båt som gikk i rute på vatnet. Der var og eit naust som tilhørde Ystehola. Der var rekkverk av jarn på kaia. Der hang det ei klokke som ein ringde i når ein ville ha skyss. På andre sida av poljen ligg garden Kjøs, som den gang var Kjøs skyss stasjon. Frå garden går det ein kort veg som*

*knyter seg til Den Trondhjemske postvei. Kontrakt mellom Nordre Bergenhusamts og Mathias Rasmussen Kjøs om ferging ved Kjøs fergested vart inngått 10. mars 1916. Ferja var i drift til 1928-29. Då tok ferja sin lettbåt, ein robåt, over skyssinga. Då brua over Kjøsapoljen, Kjøs bru, kom i 1969 vart det heilt slutt, etter ein tidsepoke på 55 år. For gåande, syklande, hest med kjerre osv. var det tid og krefter å spare på å ta ferja over, i staden for å måtte ta vegen rundt Kjøsapoljen.*

Kjelde: Historisk årsskrift nr 19 – 2004, Hornindal historielag. Artikkel skrivi av Kjell Aasebøstøl – Ferjetrafikken over Kjøsapoljen.

Anlegget er i dag delvis intakt, men kunn restar etter tre-bryggja står att, isen har flytta på steinar og delvis rasert ferjekaia, rekkverket er fjerna (truleg er det dette rekkverket som er på «Såtabrau» lenger ned mot Skredestranda. Klokka finnast på garden Kjøs. Ferja og kabelen er vekk.

Forslag til forvaltning og skjøtsel : Restaurere kai og bryggje mest mogeleg tilbake til slik det var når det vart bygt tidleg på 1900 talet . Det er ein fin plass å kome til både til fots og med båt. Skilting med historia om plassen.

Vegvesenet har i 2016 gjeve lovnad på kr 50.000 til restaureringsarbeidet. Grunneigar har fått tilsegn på kr 50.000,- frå Norsk kulturminnefond til same formål. Restaureringsarbeidet vil bli starta opp i 2016.

Tiltak: Regulerast til bevaring, formidling, skilting, skjøtsel.


Vidare kan det vere aktuelt å sjå fergestedet i samanheng med Kjøs skyss-stasjon og Den Trondhjemske postvei . Ferja kom til land ved naustet i Kjøs.

Dette er eit kulturmiljø som representerer samferdselshistoria vår.



Nakkebrygga      Nakken      Otredalen      Otredalstranda

Foto: N.H.H-W haust 2015



Otterdalsnakken sett frå sør. 1. Nakkebryggja. 2. Oksehamna/-beiteområdet. 3. Steingarden.

Datering: Datering:Ukjend.

Eigar: I *Historisk årsskrift. Nr.4*

Fotograf: Ukjend.

## 18 NAKKEBRYGGJA

Foto: Herdis Holmøy mai 2015

*Fedrifter og driftevegar har si eiga samferdselshistorie, og mange vestlandsbygder var svært engasjerte i denne. Ei av rutene gikk frå Gudbrandsdalen over fjellet til Stryn, vidare til Kjøs og over Hornindalsvatnet til Nakken. Den andre ruta gikk frå ytre Nordfjord til Nordfjordeid, over Nord og Grodås til Sunnmøre. Til vanleg var det mest småfe som vart ført denne vegen, men frå Gudbrandsdalen kom dei store stamstutane. Pål Haugen som var skipper på «Dølen» i 1947 -48, hugsar godt når «dei store trolla ne`a Lillehammer» skulle fare til setredalen. Mest vanleg var det å frakte dei over i Skuta som kunne ta om lag*

*12 og 15 oksar i ein gang. Oksane gjekk i land i stranda mellom Otterdal og Navelsaker. Det var laga ei provisorisk bryggje til dette bruk. Frå bryggja førte ein sti oppover mot Nakken og forbi skogvakse der stutang gjekk i hamne heile sommaren. Kjelde: Semesteroppgåve «Båtferdsle på Hornindalsvatnet» av Anne-Marie Førde og Norma Strand Kjerstad.*

*På 1800- talet leigde Navelsaker Innigard beite- og setrerett av brukarane på gnr 1 i Otterdal, og bygde sel og fjøs like ovanfor der Firdakraft si 66t KV-linje tok over vatnet til Kjøsahammaren. Det vart drive utmarkslått på Nakken. Både seterdrift og utslått tok slutt nokre år etter hundreårskiftet. Husa vart ikkje haldne vedlike, og no er berre tuftene att. Ole Rasmussen Otterdal fekk skøyte på bruk 1 i 1913. Han var på mange måta ein idèrik kar som såg at Nakken kunne brukast til noko etter at seterdrift og utslått tok slutt. Han bygde bryggje i strandkanten, og ved eigeninnsats og dugnad bygde han rås frå Nakkebrygga og opp til Nakken. Ved dugnad sette han opp ein steingard lengst nord i beiteområda for å hindre dyra i å reise. Den sommarbeitinga som no tok til skulle vare i meir enn 30 år. Det både starta og slutta med at folk frå Nordstranda slepte stutekalvar på beite. Men i over 20 år, fram til 1937, vart Nakken i tillegg beite for stamstutar frå eit større distrikt. På det meste var det slept 23 storoksar og 4 oksekalvar på eitt år. Etter at oksebeitinga tok slutt nokre år før krigen, vart det slept hest på sommarbeite 5 – 6 på det meste. Ei innhaldsrik tid var nok denne sommarbeiteperioden, men og med slit og vonbrot. Tiltaket vart eit intermesso som det no knyter seg berre minne til. Kjelde: Historisk årsskrift nr.4 – 1988 . Artikkelen er skriva av Rasmus Otterdal, og det er her kunn teke med utdrag frå artikkelen .*

Nakkebryggja er i dag godt synleg og det er mogeleg å legge til. Råsa er delvis attgrodd og ikkje merka. Skilting ved bryggja. Rydde råsa og merke den. Finne tuftene etter setra og merke/registrere desse ? Dette vil kunne vere ein fin tursti. Aktuell som ein del av ei kulturløype på og ved vatnet. Informasjon på land ved «Dampen»/hotell/turistinformasjon/båt utleige ... ?

Tiltak: Regulerast til bevaring, formidling, skilting, skjøtsel.




D/s Dølen ved kai på Grodås. Båten frakta folk, fe og varer i 70 år på Hornindalsvatnet. Foto: M. S. Heggen

## 19 DEMMA - HAUGEN

Tek med ei enkel skisse. Denne forklarer Demma, som Anders Lødemel f. 1825, laga på 1800 talet. Det var og liknande demmer andre stader i bygda. Mellom anna i Terdalen. Demmene har demningar som vart opna til bestemte tider slik at vasskrafta kunne nyttast best mogeleg nedover. Etter det vi forstår var det avtale mellom gardane kven som skulle få vatnet på kvernhus og sager. Den steinsette vassvegen ovanfor Haugen, som leda vatnet fleire hundre meter lenger mot aust er i ferd med å gro heilt igjen. I tillegg finn ein kvernhus langs med storelva og dei mindre vassdraga. Mange av husa er tekne vare på, medan andre forfell.

63



## 20 NAUSTMILJØ PÅ YTREHORN




Foto. N.H.H-W. 13.04.2016

Som ein av dei få plassane ved vatnet ligg nausta her på rad og rekke nær kvarandre og fortel ei historie om tida då vatnet var ferdselsåre, og fiske var viktig matauk. Det var ikkje kunn dei som budde langs med vatnet som fekk ha naust. Gardbrukarar oppover grenda hadde teigar og bruksrettar ved vatnet. Nausta her er SEFRAK registrerte, altså er dei bygde før 1900 . Det finnst mange naust langs med vatnet, også dei bør registrerast og takast vare på. I kulturminneplanen vel vi å prioritere dette naustmiljøet på Ytrehorn. Storebryggja er og aktuell å ta vare på.



Storebryggja ligg til venstre på fotoet (som er henta frå Fylkesatlas).

Tiltak: Prioriterast for bevaring, formidling og skjøtsel.



© Minnesteinen over Lars Hjellbakk på Grodås

## 21 [MINNESTEIN ETTER «LARS HJELLBAKK» - SPELEMANN OG SLÅTTEKOMPONIST](#)

*Lars Hjellbakk (1889-1976) var gardbrukar, felemakar, treskjerar, spelemann og slåttediktar frå Hornindal. Han har vore den sentrale tradisjonsberaren av folkemusikk i Hornindal den seinare tida. Viser og til Historisk årsskrift nr 5 utgjeve av Hornindal historielag, s78 der Ragnvald Lunde har skrive stykket «spelemannen, felemakaren og komponisten Lars Hjellbakk 1889-1976».*

Minnesteinen representera ein viktig kultur og tradisjon i Hornindal.

Minnesmerket ved Smia i sentrum vart reist etter initiativ frå Hornindal spelemannslag 5. juli 1980. Bysta er modellert av Rolf Taraldset.

Tiltak: Prioriterast for formidling og skjøtsel. Vere startpunkt for digital formidling av han som spelemann, slåttskrivar og felemakar, og som representant for denne delen av kulturhistoria vår. Knytast til digital kulturløype.

## 22 FELEMAKAR VERKSTAD /UTSTYR

Lars Hjellbakk er kjend for felebygginga, og han skal ha laga om lag 80 hardingfeler. Felene er i dag spreidde over heile landet, og nokre også til USA med utflytte honndøler. Særleg er dei 10-15 siste felene hans rekna for å vere gode feler. Han har òg bygd orgelet som framleis står heime på Hjellbakk. [Flink handverkar](#)

Tiltak: Stillast ut ? Kurs ? Digitalt kulturminne



## 23 KVINNELEGE FOLKEMUSIKARAR/ FELESPELARAR

Kvinnene har vore viktige kulturberarar av musikktradisjonen i Hornindal . Med så mange kvinnelege felespelarar no og langt attende i tida bør desse kvinnene få eit minnesmerke, og eit kunstnarleg uttrykk/symbol som er tydeleg i bygda.

[Jubileumskonsert - Honndalstausene 30 år](#)

© Honndalstausene. Framme frå venstre: Bente Tomasgård, Torunn Raftevold, Marianne Tomasgård. Bak frå venstre: Synnøve Hjellbakk Hole, Gunn Sølvi Gausemel, Gunnhild Sindre, Tone Lien.

Tiltak: Bygda har hatt mange kvinnelege utøvarar innan felespel. Formidling av denne historia kan gjerast ved å lage t.d. ei statue av dame som spelar fele (Honndalstausa) som er synleg i sentrum og som vert starpunkt for ei digital historie knytt til dei kvinnelege spelemenn, songarar og dansarar.

## 24 DANSEPLASS PÅ HONNDALSÆTRA

På setrane var det vanleg å danse på setrekvia. Dette var samlingsstad og noko det knyter seg mange gode minner til. På Hornindalssetra vart det laga ein plattung til dette føremålet.

Tiltak: Regulerast til bevaring, formidling, skilting, skjøtsel og verdiskaping. Digitalt kulturminne som kan fungere som ein «link» til historia om dansekulturen og musikk kulturen vår, men og ein formidlingsstad i form av dans / oppvisning ?

25 FOLKETONE FRÅ HORNINDAL «OM KVELDEN»

[Sissel Kyrkjebø syng Om Kvelden - Folketone frå Hornindal](#)

[Unni Løvlid - Om Kvelden når det mørknar - Kjærleiksvise](#)

Ein av mange folketonar som representerer songtradisjonen i Hornindal.

Tiltak: Prioriterast for formidling og verdiskaping (merkevare for bygda) . Takast med i undervisning på skulen – eventuell årleg dramatisering t.d. i forbindelse med dans på Honndalssetra? Digitalt kulturminne .



*I tidlegare tider gikk vegen over Kjøshammaren. Då det ved hundreårsskiftet skulle byggjast ny veg frå Kjøs til Grodås, vart vegen lagt langsmed vatnet og rundt Kjøshammaren. I halvtunnelen ute på sjølve neset står årstala 1903 1904 noko som skulle gje oss rette årstal for kva tid vegen vart bygt ferdig og teken i bruk. Kjelde: Hornindal historielag- Årsskrift 1994 Artikkel av Halfdan Lødemel. Langs vegen finn vi «merkesteinar» og krigsminne. Ein ser og restar etter brakke frå då vegen vart bygd i 1904. I svingen på Skjerneset står to «stativ» der det var spegel i, for å kunne sjå møtande trafikk. Til Kongsvik knyter det seg eit gamalt segn om at det skulle ha budd ein konge der..*

Tiltak: Vegen bør registrerast som kulturminne. Ein må vurdere i kva grad ein regulerer til bevaring, og eventuelt for tilrettelegging for ferdsel. Vegen er ikkje trygg å ferdast på grunn av rasfare frå Skjerneset og rundt hammaren. Frå Kongsvik til Skjerneset er det fint å ferdast, og der er benk som ein kan ta ein pause på. Informasjonstavle om vegen, og andre kulturminne i området, er aktuelt. Frå denne plassen ser ein og rett over til Nakkebryggja. Informasjon om Nakkebryggja og historia kunne og vere med på informasjonstavle på Skjerneset .

## 14.12 GAMAL VEG OVER RYGGJENE

[EDNA - Område med spesielle naturkvaliteter i Sogn og Fjordane - Kulturlandskap](#)

Vegen er ein gamal bygdeveg som går gjennom eit av dei utvalde kulturlandskap i Hornindal, Ryggjene (objekt 14.12). På folkemunn blir vegen og kalla Kjærleikstien. Ein kan fylgje vegen frå «Tunet under Skaret» (objekt 35) og opp til nye Kvivsvegen.

Tiltak: Vegen bør registrerast som kulturminne og regulerast for bevaring. Prioriterast for skilting, formidling og skjøtsel. Er svært aktuell som ein del



av ei sentrumsnær kulturløype.

Foto N.H.H-W april 2016

## 27 KVIVSRÅSA

*Kvivråsa er ein gamal ferdsleveg mellom Honndalen og Austefjord i eldre tid. Råsene var livsnervane mellom grender og bygdelag i gammal tid. Det var her dei gamle ljåsmedane, spelemennene, hestekarane og andre gjekk for å selje varene sine, utveksle krøter og føre vidare tradisjonar. Råsa var godt synleg fram til 1950 – 60 –talet. I 2005 vart råsa rydda og merka. Kjelde – Hornindal Historielag – Årsskrift 2005 Artikkel av Kjell Tvinnereim*

Tiltak: Prioriterast for formidling, skilting og skjøtsel.

28 DEN GAMLE BYGDEVEGEN TOMASGARD TIL SELJESSET ID:1002051

70



Her går vegen frå Sætren mot Taraldset, gamal og nyare i kvar sin trase .

*Frå Kulturminnesøk:*

*Teknisk/Industrielt minne Opphaveleg funksjon:  
Ferdsel og samferdsel*

*Datering: Uviss tid Vegen går gjennom Vålane kultur/ natur område. Vegen var den einaste kommunikasjonsåra på syd sida av dalen, mellom*

*Tomasgard, Sætren, Taraldset og Seljeset, fram til den nye bygdevegen som var ferdig i 1967 vart omklassifisert til noverande fv 726 .  
Kjelde: Økonomisk kartverk. Henta frå Kulturminnesøk.*

Foto: N.H.H-W april 2016

Tiltak: Regulerast for bevaring. Prioriterast for formidling, skilting og skjøtsel.

29 URVIKJA SKYTTARGRAV – KRIGSMINNE

Urvikja skyttargrav ligg ved den gamle vegen Rundt Kjøshammaren. Skyttargrava er eit kulturminne frå 2. verdskrig.

Tiltak: Plassen bør registrerast i Kulturminnesøk. Sjå elles foreslegne tiltak under objekt 26, Gamal veg rundt Kjøshammaren.



Foto: N.H.H-W april 2015

30 MINNESTEIN TIL MINNE OM DEI TRE FALNE I ANDRE VERDSKRIG




Foto N.H.H-W april 2016

© Minnesteinen over dei tre ungdommane frå Hornindal som fall i andre verdskrigen står attmed kyrkja i Hornindal. Kvar 17. mai vert det lagt ned blomar til ære for dei falne.

Minnestein over falne frå Hornindal

*På kyrkjegarden ved Hornindal kyrkje står to minnesteinar over falne i andre verdskrigen. Den eine står til minne om dei tre ungdommane frå Hornindal som sette livet til. Den andre står på grava til ein av dei falne. Fellessteinen vart blei avduka i 1962.*

Pål Ytrehorn, Martin Melheim og Olav R. Sætren. Pål Ytrehorn, den einaste honndølen som vi veit om er gravlagd i heimbygda etter å ha mist livet i krig, har fått ei gravstøtte i stein der kunstnaren Dyre Vaa sitt portrett av Pål er felt inn. Same portrettet finst også i Dyre Vaa museet i Rauland, der det er nemnt som *Soldat frå Nordfjord*.

Tiltak: Prioriterast for formidling, skilting og skjøtsel.



### 31 MINNESMERKE TIL MINNE OM FALNE UNDER NAPOLEONSKRIGANE

Under Napoleonskrigane vart Noreg dregne inn i krig, særleg i åra 1807-14. Mange honndøler miste livet under denne krigen som følgje av mangel på mat og sjukdom som dei fekk under opphaldet ved grensa på Austlandet. Minnestøtte over dei åtte som omkom under denne krigen vart reist ved kommunehuset Smia i 2009.

Foto: N.H.H-W april 2016

Tiltak: Prioriterast for formidling, skilting og skjøtsel

### 32 BAUTA PÅ YTREHORNSNAKKEN

*«Gleda frå 1814 gav ein inspirasjon til folket som kom til uttrykk i diktning, kunst og framgang på alle område, dette var godt synleg fram til vår tid. Det var denne glede og begeistring brukarane på Ytrehorn og Vellene gjekk i gang med det store arbeid å få reist ein bauta til 100-års jubileet til minne om det verket som vår nasjon tufta sin fridom og rettsgrunnlag på».*



Bautaen er ein 6,5 m høg stein som vart funnen i Fjellura og dregen på skaresnø fram på Nakkjen. Det er mura opp eit platå der bautaen er reist. *«Bautaen står på historisk grunn. I forntida, mellomalderen, stod der ein vete som skulle kveikjast når fiendar var ventande»*

Bautaen vart reis i 1914 og avduka i 1920. Det var tale, spelemann spelte opp til dans frå toppen av bautaen og etter tida sin skikk var det bryggja øl til høgtida. «Tale for bautaen, Noreg og grunnlova vart halden av Ragnvald Otterdal. På bautaen var måla ei innskrift soleis: « Ein varde her stod som varsla til strid di staden skal minna om forna tid. Reist 1914» Kjelde: Historisk årsskrift nr 5 1989 – «Bautaen på Ytrehornsnakken» av Erling Tomasgard .

Ytrehornsnakken - og bautaen der Frå Ytrehornsnakken er det eit storfelt utsyn innover hornindalsbygda og nedover sjølve vatnet med grendene ikring. Denne fjelltoppen peika seg difor naturleg ut som veteplass då Håkon den gode skulle skipe eit nasjonalt varslingsystem på 900-talet. Takloveten på Hundeidstjelle (563 moh.) var på mange vis den mest sentrale veten i Nordfjord, for frå Takloveten delte signalet seg vidare innover fjorden i tre liner: Den nordlege gjekk frå Takloveten til Åsebønaakken ved Heggjabygda (340 moh.) og vidare til Ytrehornsnakken i Hornindal (560 moh.).

Tiltak: Regulerast til bevaring. Formidling, skilting og skjøtsel.

### 33 VETESTOVE PÅ YTTREHORNNAKKEN



«Vetestova på Ytrehornsnakken stod nær Bekkelidnøfsa, litt nordvest for den, der ei grov tett ved med sikkert vatn... Der er ikkje så mykje som viser at der hev stade ei vetestove...Denne plassen burde vore avmerkt i terrenget, so minnet om vetestova fekk leve vidare fram i tida». Kjelde: Historisk årsskrift nr 5 1989 – «Bautaen på Ytrehornsnakken» av Erling Tomasgard .

Vetestova bygt i 2003 Foto: Valborg Hustadnes 10. november 2014

I 2003 vart det bygt ein ny vetestove. Vetestova kan vi lese om i Historisk årsskrift nr 18-2003. «I tillegg til å vere eit kulturhistorisk minne vil stova også kunne tene som kvileplass og ly for turgåarar som har bautaen som mål. Det vart vidare sagt at det burde merkast ein stig frå setra og fram til staden der den opphavelog stova skal ha stått, og at ei tavle med orientering burde plasserast på den gamle tufta. Grunneigarane på Ytrehorn og Vellene skulle vere den formelle eigar av stova og syte for tilsyn og vedlikehald» . Tiltak: Som i teksten vi har sitert. Også skilt nede ved starten av råsa opp til Nakken kan vere aktuelt. Turen opp på Nakken er ei kulturløype. Sjølve råsa, Gytleskotet, Bautaen, Vetestova og setra, og kanskje meir og som er naturleg å knyte til ?

## 34 BYGNINGAR SOM REPRESENTERER ULIKE FUNKSJONER OG BYGGESKIKK

34.1 **UTMARKSLØE, *Ut-løene*** : Hornindal (og andre bygder) har mange ut-løer som no står til nedfalls. Desse har ikkje vore prioritert i landbruket eller SMIL –midlane sidan folk ikkje ser nokon praktisk nytte i å ha ei løe rett ovanfor garden. Mange av desse husa er på veg mot grunnen. I samband med skiløypa som er etablert frå Grendadalen til Honndøla bru, vil løypa gå forbi mange av desse løene. Kanskje dette kan vere eit tiltak som set fokus på løene sin funksjon, kanskje ny bruksområde. Det blir i alle fall rydda rundt mange av dei.  
*Næringsjef J.E. Nesdal*

34.2 GARDFJØS,

34.3 STAURHUS, (i eine enden av Smia på Ytrehorn er det bygt til staurhus)

34.4 KALVEFJØS (ruinar på Ytrehorn- rekonstruere ? Foto teke av Halvdan Lødemel Det fanst og Kalvefjøsar på Grothaug og på Lødemel for eit par tiår sidan. )

34.4 FJØS/LADE AV GAMAL ART,

34.5 STAMPE

34.6 STABBUR,

34.7 ELDHUS/VASKARHUS,

34.8 MEIERI,

34.9 NORDFJORDSTOVE



Nordfjordstove på Gausemel. Ei av fleire slike stover i Hornindal. Foto: N.H.H-W april 2016

Tiltak: ein bør foreta ein gjennomgang og verdivurdering av bygga innan desse kategoriane og sørge for at representative bygg vert tekne vare på. Gjennom verdi-vurdering finn ein kva bygningar som kan representere dei ulike bygga (byggeskikk og funksjonar).

## 35 «TUNET UNDER SKARET»

Husa på dette vesle bruket er ei gamal stove og ein fjøs. Begge bygga er SEFRAK registrerte. Det blir teke vare på, og husar i dag ei bygdesamling.

***Bygdesamlinga i Skaret (eiga stifting)*** : har mange gode kulturminner om alt frå undervisningsverket til Lødøen, bøker, møblar og verkty. Dette er ei samling som både

*kunne vore utvida og gjort meir kjend. Fleire gardsbruk sit på store lokale samlingar av alt frå verkty, hesteutstyr, maskiner som har stor kulturhistorisk verdi innan t.d. landbruket. Kjelde: Næringsjef J.E. Nesdal*



75

Tiltak: Som vi ser på bilete blir bygningane tekne vare på. Tunet ligg nær sentrum og skule og er aktuelt som ein del av ei kulturløype. Bygdesamlinga er i dag lagra her. Formidling er aktuelt, stova som ein enkel heim med tidsriktig interiør og lada kan hyse gamle reiskap knytt til jordbruk.

### 36 [SANKEKVIE \(Raftevold\)](#)



På Raftevold finn ein restar etter innhegning som har vore nytta til sankekvie. Dette er spor i naturen som viser både teknikk med å lage sankekvia, og «systemet» med sanking.

Tiltak: Er aktuelt å regulere til bevaring, og formidling.

## 37 INDUSTRIBYGG II «GRO- BYGGET»



*alternative arbeidsplassar i den typiske jordbrukskommunen ved bygging av industriutleigebygg på Ytrehorn og i Kirkhornfjæra ved Hornindalsvatnet.*

*Tidleg på 1960-talet gjorde den politiske leiinga i Hornindal noko som var uvanleg på den tida: Kommunen gjekk i brodden for å skape nye og*



*Foto: N.H.H-W 2015*

*Her kunne kommunen tilby moderne industrilokale til ei rimeleg husleige for nye og eldre verksemdar som fann det tenleg å etablere seg i Hornindal. I distrikts-Noreg vart den vesle jordbrukskommunen i Nordfjord eit føredøme for korleis ein på kommunalt nivå kunne utnytte dei nye verkemidla som m.a. skipinga av Distriktenes Utbyggingsfond i 1960 gav med tilskot og lån til næringsutvikling. I dei komande åra hadde Hornindal stor suksess med å lokke møbel- og tekstilindustrien på Sunnmøre til å knoppskyte med avdelingar i Hornindal.*

*Kjelde: NRK Fylkesarkiv*

*Kvinnearbeidsplassar: I 1967 kunne konfeksjonsfabrikken **Grodås Fabrikker A/S**, som hadde starta i 1962, ta i bruk Industribygg II. Dette gav kjærkomne arbeidsplassar for kvinner. På det meste arbeidde det kring 60 personar ved denne konfeksjonsverksemda.*

*Diverre førde billegimport til at det meste av norsk teknoindustri vart lagd ned frå midten av 1970-talet og utover. Også Gro-fabrikken i Hornindal knekte ryggen, men sleit seg gjennom nokre år med kommunal drift og redusert bemanning før den måtte gje opp i 1988. Kjelde NRK Fylkesarkiv*

**Tiltak:** Regulerast til bevaring, formidling, skilting. Og fyrst og fremst bruk og verdiskaping.


## 38 BILETHOGGAR ANDERS SVOR SI KUNSTSAMLING OG MUSÈUM

Anders Svor, 1864 – 1929, er ein kjend bilethoggar som har sitt opphav i Hornindal. Som vi kan lese i skriv om kunstnaren finnast fleire av kunstverka i det offentlege rom. Svor sin kunst finn vi både inne på museet, i Svorparken ved museet, utanfor kommunehuset, i Honndlshallen/skulen og i Hornindal Kyrkje. Det er nære band mellom Svor sine arbeid og handverkstradisjonane i Hornindal. Svor sin kunst er ein viktig del av vår kulturhistorie og identitet.



Skulptur laga av Anders Svor, som står ved

Smia Foto: N.H-W. april 2016



*Anders Svor levde i ei tid då det var lite med arbeidsoppgåver for bilethoggarar. Det var langt mellom større oppdrag og det var heller ikkje til å unngå at glansen av Gustav Vigeland også kasta meir skugge over andre samtidige bilethoggarar enn dei, sett i ettertidas lys, kanskje fortente. Likevel fann fleire av Anders Svor sine mest kjende verk plass i det offentlege rommet. I Oslo står fonteneskulpturen Bylgja i Skillebekkparken, Etter badet ved Bislett bad, Ein symjar i Kampen park, og det er Anders Svor si løve som vaktar kongeinngangen til Nasjonalteateret. Elles er Anders Svor representert i Porsgrunn med Forliste sjømenn, i Moss med Diskoskasteren og, ikkje minst, i Tønsberg med den store statuen av Sven Foyn. Gustav Vigeland skal ha karakterisert dette verket som mellom dei beste portrett-statuarne i landet.*

*Anders Svor etterlet seg om lag 450 skulpturar i atelieret i Oslo. Av desse var dei fleste i gips eller leire og berre nokre få i bronse. Arvingane vart samde om at samlinga skulle heim til Nordfjord. I fyrste omgang vart arbeida lagra tett saman stuva i den gamle ljorestova på Svor. I 1941 overdrog arvingane samlinga til Hornindal kommune, på vilkår at det vart reist eit eldfast museumsbygg. Grunna krigen og tronge økonomiske tider vart ikkje bygginga sett i verk før i 1951. Anders Svor Museum vart opna 12. juli 1953 Kjelde: <http://www.sfk.museum.no/asm.htm>*

Tiltak: Det er naturleg å regulere Svor museet og Svorparken til bevaring. Samlinga og drifta er det Sogn og Fjordane kunstmuseum som har ansvar for. Kunst som Hornindal kommune eig må det lagast register over, og vedlikehaldsplanar. Ved desse kunstverka bør ein kunne finne informasjon om kunstnaren og handverkstradisjonane i bygda, som låg i botnen av Anders i utvikling som handverkar og kunstnar. Kunsten er i seg sjølv ein flott oppleving, den representera kulturen og handverkstradisjonane, noko som kanskje i større grad kan kome

fram. Ein bør foreta ein gjennomgang på den universelle utforminga slik at alle kan oppleve kunsten og denne delen av kulturhistoria vår.

39 [HANDVERKSPRODUKT SOM HAR VORE VIKTIGE SOM NÆRING OG SOM MERKEVARE FOR BYGDA, \(i tillegg til Anders Svor sin kunst\)](#)

Biletveverska **Brita Lund f. 1886** sine KUNSTVEVNE TEPPER, TRESKORNE PRODUKT FRÅ TRESKJÆRARAR I HORNINDAL og SMEDPRODUKT FRÅ SMEDAR I HORNINDAL . Dette er lause kulturminne som bør fortsatt vere ei merkevare for Hornindal, og objekt som er med å gje identitet og verdiar. Handverka og kunnskapen må først vidare. Produkta og bilete av produkta må vere synlege i Hornindal og i marknadsføring av bygda. Treskjæringstilbud i kulturskule er unikt og ein god måte å føre vidare tradisjonen. Kursverksemd både for barn og unge innan tradisjonelle handverk i bygda bør vere satsingsområde. Det kan vere spinning, plantefarging, bilettev, ..innblikk i smedyrket ...

Vi har eit museum og kunstgalleri i bygda, og kanskje skulle ein få lov å stille ut permanent nokre arbeid utført av våre dyktige handverkarar innan bilettev, treskjering og smedarbeid der ? Vi har i dag ikkje andre egna lokale.



#### 40 KIRKHORN SKULE

Allmugeskolen vart innført med lova av 1739. Omgangsskulen var det vanlege i meir enn hundre år. Først med skulelova av 1860 vart herada pålagde å byggje faste skulehus. I Hornindal var det fleire små skulehus/skulestover, i Kjøs, på Rygg, Haugen, Otterdal.. Frå hausten 1963 vart skulekrinsane slegne saman til ein krins. Kirkhorn skule vart teken i bruk i 1939.



Foto: N.H.Holmøy-Wang okt.2015

Det gamle skulehuset på Kirkhorn har romma mange funksjonar, skule, bibliotek, kyrkjelydstove, lager, speidar, fritidsklubb, motorlære, førskule, og sikkert meir og. Huset er i bruk den dag i dag, men har eit vedtak om at det skal leggst ut for sal . Plassering nær sentrum, historia til huset som representerer skulehistoria, og mulegheitene for bruk gjer at ein bør tenke seg om ein gang til. Bør ikkje dette huset definerast som eit kulturminne?

Skulehistoria har hatt ein sentralplass i bygda si utvikling. Vi har samlingar/immaterielle kulturminne som kan nyttast til å lage ei gamal skulestove, huset kan nyttast til å formidle og utøve kultur . Det store skrivebordet på biblioteket tilhørde lærar O.I.K. Lødøen. Same galdt for

bokskåpa som no står på Huset Vårt. I Paul O. Tomasgard si lærartid var desse plassert på lærarrommet på Kirkhorn skule. Desse møblane saman med boksamlinga hans vart gjeve til Hornindals menighet.

#### 43 SKULEMATERIELL UTVIKLA AV TO FRÅ HORNINDAL

**O.I.K. Lødøen (1869-1939) – bøker, og O.N. Lødøen (1861-1931) modellsamlingar brukt i Norden.**

I Historisk årsskrift nr 5 1989 står det skrive om den eldste skulesoga i Hornindal. Her kan vi og lese om **Ole N. Lødøen** som var ein føregangsmann i bruk av visuelle læremiddel i skulen. Han var truleg ein av dei fyrste som tok i bruk visuelle læremiddel i skulen. Han laga song slik at ein kunne lære multiplikasjonstabellane (eldre i bygda og frå andre bygder kan denne songen, og dei fortel at dei song den rundt juletreet på juletefestar).

Han laga modellar av fiskar og fiskereiskap, plansjar om mål og vekt, om ordklassar og ymse bøyingsformer, og om musikken sine element. Samlinga vart kjend både i inn og utland . «Om grammatikk plansjane seier statsråd Abraham Berge i 1910: *Arbeidet er genialt utført og kan kunn bli til hos en mand som i skolestuen har lært hvad der savnes av hjelpemidler. Denne mand bør settes i stand til aa arbeide videre, og derfor bør han knyttes til skolen i Kristiania. Hans undervisningsmidler vil etter min mening reformere vaart skolearbeide, og hertil bør det aapnes for ham lettest mulig adgang*». ... «Han gikk av for aldersgrensa i 1927 og fekk samstundes tildelt kongens fortjenestemedalje i sølv. Ole N. Lødøen var ein av samtidas mest kjende lærarar her i landet.

O.I.K. Lødøen var mest kjend som forfattar av historiske læremiddel. I Historisk årsskrift nr 18 – 2003 kan vi lese om **Ole Iver Knutsen Lødøen**. Han har gjeve ut fleire historiske lærebøker. I åra frå 1905 og fram til 1933 gav han ut 9 lærebøker. Mellom anna ei om Bibelhistorie. *I eit fyldig notat orienterte J. W. Cappelens Forlag om denne boka og gjev ros til forfattaren og skriv til slutt «Alt i alt vil det forhåpentlig vise seg at denne bok er en god gåve til vårt folk» ... O.I.K. Lødøen var i det heile oppteken av utvikling i skulen. ... O.I.K. Lødøen var svært interessert i litteratur og hadde gjennom åra samla eit heilt bibliotek op over tusen bøker, både av eigen produksjon og av andre forfatarar. Sivert Svor som var lærar i Oslo på den tid då O.I.K. Lødøen døydde i 1939, kjøpte bok-samlinga. Han gav heile boksamlinga på 1400 bøker til «Hornindal menighet» og fekk frakta henne til Hornindal. Ho stod fleire år på lærarrommet på Kirkhorn skule og var til utlån for elevane. Bøkene vart seinare overtekne av Hornindal Bygdesamling (tidlegare Hornindal Bygdetun) og er no plasserte i den nyrestaurerte stova under Skaret...».*

Tiltak: Undervisningsmateriell og møblar er kulturminne som fortel om skulehistoria. Dette er verdt å samle i Kirkhorn skule og nyttast som formidling. Ei gamal skulestove kan nyttast som ein del av ei kulturløype, eller formidling uavhengig av kulturløypa.

44 UNGDO  
MSHUS



Hornindal Ungdomslag bygde ungdomshuset ”Dølheim” i 1920. Dette bilete er teke i samband

med eit kurs i folkeviseleik.

Foto frå Historisk årsskrift, Hornindal Historielag.

Vi har i dag tre ungdomshus; Ljosvang på Bakke bygningsår 1918, Dølheim på Lønnje bygningsår 1920 og Markahall på Sindre/Øyane bygningsår 1928 .

Tiltak: Ungdomshusa bør takast vare på som forsamlingshus i bygda. Ein bør kanskje foreta ei verdivurdering og gje minst eit av dei eit vern.

81

#### 45 [ALDERSHEIMEN \(NO HUSET VÅRT\)](#)

Sjå side 23 og 24 under Nyare historie. Aldersheim – Sjukeheim. Huset representera ei tid då eldreomsorga begynte å bli institusjonalisert. Bygningsstilen er og ulik anna bygningsstil i bygda. Ein bør gjere ei vurdering i forhold til om bygget skal ha eit vern. *Huset Vårt har i dag 3 hybelhusvære til utleige, og 6 doble/enkle rom med til saman 10 sengeplassar for overnatting med sjølvhushald. Her er også selskapslokale for mindre arrangement som konfirmasjon, barnedåp, jubileum, minnesamvære og liknande. Lokala eignar seg godt til kurs og møte.*



Tekst og foto er henta frå <http://husetvart.no/om/> - Huset Vårt si nettside .

Tiltak: Regulere til bevaring. Formidling av historie både knytt til bygget og bygget sin funksjon.

#### 46 [GAMLEDELEN PÅ RAFTEVOLDS HOTEL](#)



Ola M.  
Raftvold.

Raftvolds Hotel ca. 1890. Foto: Anders Bottolvsen Grodaas. Eigar: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.



I snart 150 år har Raftvolds Hotel vore eit landemerke og ein viktig arbeidsplass i kommunesenteret Grodås. Raftvolds Hotel vart grunnlagt av Ola M. Raftvold i 1867.

Starta i eit naust  
Grunnleggjaren [Ola Martinus Olson Raftvold](#) dreiv både hotell, skysstasjon og landhandel.

Raftvolds Hotel i 2006. Foto: Ottar Starheim, NRK

Denne kombinasjonen har vore svært vanleg for mange hotelleigarar frå slutten av 1800-talet og langt opp til vår tid. Såleis finn vi kombinasjonen hotell og handel m.a. hjå Lindstrøm i Lærdal, Kvikne i Balestrand og på Hjelle i Oppstryn. Ola M. O. Raftvold starta hoteldrifta i det små: Han kjøpte eit gammalt naust på Grodåssanden og starta handel. Året etter kjøpte han nabonaustet der det var tingstove i første etasje og overnattingsrom på loftet. Slik vart det to gjestesenger. I tillegg til aktiviteten på Grodåssanden dreiv Ola M.O. Raftvold også odels garden lengre inne i dalen. Kjelde: NRK

Tiltak: Utvendig fasade på den eldste delen av hotellet representerer det gamle sentrum i Hornindal og bør ikkje forandrast.

#### 47 FURA - IDRETTSPLASS

Gamal idrettsplass i Hornindal. I daglegtale seier vi at det er «inn på Furene» og at vi skal «inn på Fura». Fura ligg ved traseen til Den Trondhjemske postvei.

Her har det vore mange spanande kampar, og det er framleis ein samlingsstad for folket. No er den ikkje i bruk som idrettsplass. Tradisjon med jonsokfeiring vert halden i hevd og mange har dette som sin faste tradisjon.

Tiltak: Skilting med digital tilgang til historier og bilete frå idrettslivet kan vere aktuelt. Det finnst fleire som har vore med på spanande fotballkampar inn på Fura, og desse fortel med iver og innleving. Så det er tydeleg at dette er ein plass med mange gode minner som fram gjennom tida har vore ein viktig samlingsstad for idretten og kulturlivet.



Jonsokfeiring inn på Fura Foto: Anne-Mari Tomasgard

#### **4.4 KART – Fylkesatlas**

##### Regionalt viktige kulturlandskap

##### Naturrestat og EDNA, Viktige naturområde i Sogn og Fjordane

##### SEFRAK-bygg

## Sætrar

### Vurdert for tilgjengelegheit - Universell utforming

Tittel på objekta som er beskrivne er linka til fylkesatlas.

#### **4.5 VEDLEGG 1 Handlingsprogram, og objektliste med tiltaksplan 2016 – 2019**

Vedlegg 4.5 og 4.6 rullerast årleg i forbindelse med budsjett og økonomiplan . Kulturminneplanen i si heilheit reviderast kvart 4. år .

Handlingsprogram	Gjennom Førings år	Kostnad	Finansiering	Ansvar for oppfølging	Samarbeids -partnarar	Kommentar
------------------	-----------------------	---------	--------------	--------------------------	--------------------------	-----------

1	Sjå <b>tiltaksplan</b> for utvalde objekt i objektlista .	2016 - 2019	Sjå kostnad for det enkelte objekt.. plan med kostnader må utarbeidast	Sjå finansieringsplan for det enkelte objekt , når det er utarbeidd	Rådmann	TD eigar, fylkeskommune, lag/organisasjonar skule	Tiltaket er ei vidareføring av arbeidet med å få god oversikt på kva kulturminner vi har og å utarbeide planar for korleis desse skal takast vare på.
2	Gjennomgang av SEFRAK registeret/ oppdatering, har vi fleire bygg frå før 1900 ? Oppdatere det som er i Kulturminnesøk, med dagens tilstand og foto. Utfyllande informasjon om tilstand, skriftleg og foto i lokalt arkiv.	2017	Kr		Rådmann		(Ein kan og vurdere om ein vil gjere ei registrering av bygg frå 1900 – t.d. til 1950 )
3	Utarbeide eit <u>pedagogisk opplegg for bruk i skule</u> der elevar lære om kulturminne/kulturmiljø generelt, om Hornindal si kulturhistorie, å finne kulturminne, registrere og ta vare på kulturminne.	2016	Kr		Rådmann		

**Objektliste med tiltaksplan syner kva prioriterte objekt ein ynskjer å gjennomføre tiltak for i inneverande planperiode, samt prioriterte objekt der ein ikkje tenker å gjere noko tiltak i denne perioden.**

**4.6 OBJEKTILSTE med TILTAKSPLAN**

SATSINGSOMRÅDE	Objekt nummer	Prioriterte objekt	STATUS											TILTAKSPLAN / Handlingsplan													
			M. bakgrunn i lov-og planverk																								
			Prioritert for tiltak 2016 - 2019	Automatisk freda kulturminne	Vedtaksfreda	Listeført, gjeld kyrkje	Naturreservat	Nasjonal verneplan	Regulert til vern i reguleringsplan	SEFRAK registrert	Registrert i kulturminnesøk	Deltajplan for objektet er utarbeidd	Plan skal utarbeidast	Verdi skal vurderast	Registrert i kulturminnesøk	Regulert til bevaring	Prioritert for formidling	Prioritert for skilting	Prioritert for skjøtsel	Prioritert for verdiskaping	Universell utforming	Gjennomføring 2016	Gjennomføring 2017	Gjennomføring 2018	Gjennomføring 2019	Kostnad	Utarbeidd finansierungsplan
c	1	Hornindal kyrkjestad		x					x	x																	
c+a	2	Gytleskotet	x	x					x	x	x										x	x					
c	3	Grindbygd låve - Kirkhorn		x					x	x																	
c	4	Kirkhorn - Arkeologisk minne		x						x																	
c	5	Kyrkjegard		x					x	x																	
c	6	Stove - Grothaug	x	x					x	x	x															x	
c	7	Eldhus - Lida	x		x					x	x	x														x	
c	8	Hornindal kyrkje				x										x											
c	9	Husmannsplass - Nygard	x							x			x	x	x	x	x									x	
c	10	Smie - Ytrehorn	x							x			x	x	x	x	x									x	
c	11	Gardsanlegg - Kirkhorn (gamletunet)	x							x				x	x											x	
c	12	Gardsanlegg - Jutedalen								x																	
a+c	13	Kvernhus - Lødemel	x							x		x	x	x	x	x	x									x	
a+c	14	Kulturlandskap - fleire område	x										x														
a	14.5	Sætremyrane	x				x				x	x															
c	14.12	Ryggjene	x										x	x	x	x	x									x	
c	14.18	Strynesætra								x																	
a+c	15	Den trondhjemske postvei	x					x					x	x												x	
a	15.2	Storelvbrua	x					x						x													x
a	15.3	Nordaelvsbrua	x					x						x	x												x
c	15.4	Den gamle telelinja over Kjøsahalsen	x											x													x
c	15.5	Inntakstolpe til telefonstasjon	x																								x
		Vernet av Grodåsheimen vert ikkje vidareført, Grodåsheimen er teken ut av handlingsdelen jmf KS-046/16																									
a	15.7	Gamle Rødemel Bro	x											x		x											x
a	15.8	Honndøla bru	x						x						x	x	x	x									x
a+c	16	Brattegjølet - Sagedammen - Fleire objekt	x										x	x													x
a	17	Fergestad i Kjøsapoljen	x								x	x															
a	18	Nakkebruggja																									
a	19	Demma - Haugen																									
a	20	Naustmiljø - Ytrehorn																									
b	21	Minnestein etter Lars Hjellbakk	x												x	x	x	x									x
b	22	Felemakarverkstad/utstyr												x													
b	23	Kvinnelege folkemusikarar/felespelarar	x													x											x
b	24	Danseplatting - Honndalsetra												x													
b	25	Folketone frå Hornindal "Om kvelden"	x																								
c	26	Gamal veg rundt Kjøshammaren												x													
c	27	Kvivråsa																									
c	28	Den gamle bygdevegen Tomasgard - Seljeset	x												x												x
c	29	Urvikja skyttargrav													x												
c	30	Minnestein over falne i 2.verdskrig																									
c	31	Minnestein over falne i Napoleonskrigane																									
c	32	Bauta på Ytrehornsnakken																									
c	33	Vetestove på Ytrehornsnakken																									
c	34	Bygningar Ulike Funksjonar/byggeskikk	x												x												x
c	35	Skaret - gammalt tun	x													x	x	x	x	x	x	x	x				x
c	36	Sankekvie - Raftevold	x												x	x											x
c	37	Industribygg 11 / Gro-bygget	x													x											
c	38	Anders svor kunst og museum																									
c	39	Objekt- handverk , vev,tre,smjarn																									
c	40	Kirkhorn skule	x													x	x										x
c	41	Undervisningsmaterieill	x																								x
c	42	Ungdomshus																									
c	43	Aldersheim/Huset Vårt																									
c	44	Gamledelen Raftevold hotell																									
c	45	Fura - Idrettsplass																									x

#### 4.7 Kommentar til handlingsprogram og tiltaksplan

- **Fleire av objekta er i fyrste omgang å gå igjennom, verdivekte og lage forslag til plan med kostnadar. Det gjeld særleg objekt 14 – Viktige kulturlandskapsområder, objekt 16 Brattegjølet- Sagedammen, objekt 34 Bygningar med ulike funksjonar/Byggeskikk . Alle desse har fleire områder/bygningar, og ein må avklare kva og korleis det skal takast vere på.**
- **Nokon objekt er heilt konkrete og kan utarbeidast planar for, dersom det ikkje alt er gjort.**
- **Nokon objekt vil det vere diskusjonar om i f.h.t om det er kulturminne som er særmerkte og viktige å ta vare på. Dersom ein på kommunalt nivå meiner dei har ein viktig verdi må dei gjevast eit vern jmf Plan og bygningslova, og ein plan med tiltak, kostnadar, finansiering og ansvar.**

**Objekta som er merka med grøn farge og som er prioriterte i planperioden 2016 – 2019 står ikkje i prioritert rekkefølge .**

## 5 OPPSLAGSDEL

## **5.1 Aktuelle Lover, planer og retningslinjer– Plangrunnlag**

Framtid med fotfeste [Meld. St. 35 \(2012–2013\)](#)

Leve med kulturminner. [St.meld. nr. 16 \(2004-2005\)](#)

[Lov om planlegging og byggesaksbehandling \(plan- og bygningsloven\)](#) □ [Kulturminner, kulturmiljø og landskap Plan- og bygningsloven, vegleiar](#) □ [Lov om kulturminner \[kulturminneloven\]](#).

[Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd \(kulturlova\)](#)

[Lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne \(diskriminerings- og tilgjengelighetsloven\)](#)

[Kommunedelplan med tilhøyrande arealdel for Hornindal \(2004\).](#)

[Kommunedelplan Hornindal kommune Tiltaksstrategiar for kulturlandskap, utmark og miljø](#)

Tematisk kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (2015-2018)

Tematisk kommunedelplan for klima

Reguleringsplanar i Hornindal kommune

Plan for vern av kulturminne i Hornindal, Bygningsvern Fylkeskultursjefen i Sogn og Fjordane 1992 , med vedlegg

[SEFRAK-registrerte bygg, \(Fylkesatlas\)](#) *Vel: Temakart-Kultur og historie- SEFRAK bygg*

Kulturplan for Hornindal 1992- 1995

[Kulturlandskap og kulturmarkstyper i Hornindal kommune, Rapport nr 12 Bruk og Vern, Sogn og Fjordane distriktshøgskule, Avdeling for landskapsøkologi](#)  
[Verdifulle kulturlandskap og kulturmarkstyper i Sogn og Fjordane – Prioriterte områder, Sogn og Fjordane distriktshøgskule, Avdeling for landskapsøkologi](#)

[Differensiert forvaltningsplan for Hornindal vassdraget \(2008\)](#)

RPR for verna vassdrag. RPR for samordna areal og transportplanlegging ?

[Statlege planretningslinjer, SPR \(tidlegare RPR\)](#)

Studentarbeid «Båtferdsla på Hornindalsvatnet» - Møre og Romsdal distriktshøgskule – Volda

Brattegjølet- Sagelva Vassbruksområde, Forprosjekt 1998, Per Ingebrigt Karbø

[Eit mangfald mellom kyst, fjord og fjell. Handlingsplan for skjøtsel og tilrettelegging av automatisk freda kulturminne i Sogn og Fjordane.](#)

«Den Trondhjemske postvei» - gjennom Sogn og Fjordane, Rapport del II Hornindal Kommune, Opplegg til rasjonell forvaltning av postvegen

[Strategisk plan- forvaltning av arkeologiske kulturminner og kulturmiljø 2011-2020](#)

[Nasjonal verneplan for vegar, bruer og vegrelaterte kulturminner](#)

[Krigens kulturminne](#) (Riksantikvaren) □ [Krigens kulturminner](#) (miljøkommune)

Sætrødalanalysen

Nyttige lover i kulturminneforvaltningen: (Lenker til Lovdata) (Henta frå Riksantikvaren)

[Forvaltningsloven](#)

[Gravferdsloven](#)

[Jordlova](#)

[Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#)

[Forskrift om miljøtiltak mv. i skogbruket](#)

[Kirkeloven](#)

[Naturvernloven](#)

[Miljøinformasjonsloven](#)

[Offentlegelova](#)

[Skogbrukslova](#)

## **5.2 Ordforklaringar**

På Riksantikvaren si side, [www.riksantikvaren.no](http://www.riksantikvaren.no) finn ein ei liste med forklaring på sentrale ord som ofte vert nytta i kulturminneforvaltninga. Lista blir revidert kvart år.

<http://www.riksantikvaren.no/Veiledning/Ordforklaringer-og-ordlister/Ordforklaringarnynorsk> Det er viktig å forstå dei ulike omgrepa, og sidan nokon vel å lese planen i papirformat så tek vi her med forklaringar henta frå Riksantikvaren.

Kulturminne

Kulturminne er alle spor etter menneska sine liv og virke i det fysiske miljøet. Omgrepet omfattar også stader det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Naturelement som har kulturhistorisk verdi er òg kulturminne, eller kan inngå som del av eit kulturminne.

Kulturminne kan for eksempel vere bygningar, hagar, gravhaugar, helleristningar, båtar eller vegfar. Desse kan vere frå tidlegare tider eller frå vår eiga tid. Vi skil mellom [lause](#) og [faste kulturminne](#).

#### **Fast kulturminne**

Nemninga blir brukt om [kulturminne](#) som er jord- eller stadfaste. Funn av gjenstandar inngår som delar av eit fast kulturminne så lenge dei ligg i jorda eller under vatn.

#### **Laust kulturminne**

Nemninga blir brukt om [kulturminne](#) som er flyttbare.

#### **Nyare tids kulturminne**

[Kulturminne](#) som er datert til 1537 eller seinare. Ei anna nemning som òg kan brukast, er etterreformatorisk kulturminne.

#### **Kulturlandskap**

Alt [landskap](#) som er påverka av menneske. Ordet blir brukt når det blir fokusert på den menneskelege påverknaden av landskapet, og særleg ofte om jordbrukslandskap.

#### **Kulturmiljø**

Eit område der [kulturminne](#) inngår som del av ein større heilskap eller samanheng. Naturelement med kulturhistorisk verdi kan vere ein del av eit kulturmiljø.

Kulturmiljø kan for eksempel vere eit byområde, ei setergrend, eit fiskevær eller eit industriområde med fabrikkar og bustader.

#### **Immateriell kulturarv**

Immateriell [kulturarv](#) betyr praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap og ferdigheiter. For kulturminneforvaltinga er den immaterielle kulturarven knytt til det vi ikkje kan ta på ved eit [kulturminne](#). Dette gjeld til dømes tru, tradisjonar, segn og hendingar.

#### **SEFRAK-bygning**

Nemninga blir brukt om bygningar som blei registrerte i regi av SEFRAK (Sekretariatet for registrering av faste kulturminne) i åra 1975-1995. Registreringane omfattar i prinsippet alle bygningar som er bygde før 1900, men i enkelte område vart grensa sett noko lenger fram i tid, for eksempel i Finnmark (alle bygningar før 1945.) Det einaste kriteriet for registrering var alder på bygningen.

#### **Listeført kulturminne**

Eit [kulturminne](#) som etter ei kulturhistorisk vurdering er identifisert som [verneverdig](#) og oppført på ei liste over objekt som skal forvaltast på ein nærmare definert måte. Både kulturminne som er formelt verna (ved lov eller forskrift) og kulturminne utan formelt vern kan vere listeførte.

Eksempel på listeføring er NB! registeret, Liste over særleg verneverdige kyrkjer, Landsverneplanenes verneklasse 2, [Fartøyvernlista](#) og [Gul liste](#) frå Byantikvaren i Oslo.

#### **Representativitet**

At eitt eller eit utval [kulturminne](#) er representativt, betyr at det er typisk eller karakteristisk for ei større gruppe kulturminne. Omgrepet blir brukt ved samanlikning med andre kulturminne.

#### **Autentisitet**

Autentisitet er eit omgrep som blir bruk om kor ekte og /eller opphavlege objektet er. Autentisitet må alltid sjåast i forhold til noko, for eksempel tidsperiode, stilart, materialbruk eller byggemåte.

#### **Kulturminneverdi**

Verdi som blir tillagt eit [kulturminne](#). Forvaltinga, organisasjonar, eigarar, brukarar eller andre kan vurdere kulturminnets verdi på ulike måtar. Verdivurderinga kan endrast over tid.

Kulturminneforvaltninga deler gjerne verdiane inn i tre grupper: kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar.

**Lokal verdi**

Verdi som blir tillagt [kulturminne](#) eller [kulturmiljø](#) knytt til lokal verksemd og historie. Eit kulturminne av lokal verdi kan også få [regional](#) og/eller [nasjonal verdi](#).

**Verna kulturminne**

Eit [kulturminne](#) som er verna ved lov eller andre verkemiddel. Dei viktigaste lovene er [kulturminnelova](#), [plan- og bygningslova](#), [kyrkjelova](#), [svalbardmiljølova](#) og [naturmangfaldlova](#).

Andre verkemiddel for vern er statlege verneplanar, [kyrkjerundskrivet](#), avtaler, [listeføring](#), tilskotsordningar med meir.

**Verneverdig kulturminne**

Eit verneverdig eller bevaringsverdig [kulturminne](#) er eit kulturminne som har gjennomgått ei kulturhistorisk vurdering og er identifisert som verneverdig. Nemningane verneverdig og bevaringsverdig tyder det same og blir brukte om kvarandre.

Dei mest verneverdige kulturminna er av [nasjonal verdi](#). Det er fyrst og fremst desse som blir freda etter [kulturminnelova](#).

Kulturminne kan også ha [regional](#) eller [lokal verdi](#). Normalt vil det vere kommunane som sikrar vern av slike kulturminne ved hjelp av [plan- og bygningslova](#).

Ein annan måte å markere at eit kulturminne er verneverdig på, er [listeføring](#).

Dei fleste verneverdige kulturminne er ikkje formelt verna etter kulturminnelova eller plan- og bygningslova. Mange blir likevel tekne vare på fordi dei blir oppfatta som verdifulle av eigarar og brukarar.

**Freda kulturmiljø**

Eit [kulturmiljø](#) som myndigheitene gir så stor verdi at det må takast vare på for ettertida.

Ei freding er den strengaste forma for vern. Freding vil seie at inngrep / endringar må godkjennast av myndigheitene. Lovene som blir brukte ved freding i dag, er [kulturminnelova](#) og [svalbardmiljølova](#).

**Freda kulturminne**

Eit [kulturminne](#) som myndigheitene gir så stor verdi at det må sikrast for ettertida. Eit freda kulturminne er [automatisk freda](#) eller [vedtaksfreda](#).

Ei freding er den strengaste forma for vern. Det vil seie at inngrep/endringar må godkjennast av myndigheitene. Lovene som blir brukte ved freding i dag, er [kulturminnelova](#) og [svalbardmiljølova](#).

**Automatisk freda kulturminne**

Eit [kulturminne](#) som er freda direkte etter lov, utan særskilt vedtak.

Kulturminne som er automatisk freda:

- [faste kulturminne](#) frå før 1537
- samiske faste kulturminne eldre enn 100 år
- ståande byggverk med erklært opphav frå perioden 1537-1649
- faste og [lause kulturminne](#) på Svalbard frå før 1946. I tillegg er det vedtak for nokre typar kulturminne. (Sjå [svalbardmiljølova](#))

(Skipsfunn eldre enn 100 år er verna etter [eigne reglar i kulturminnelova](#).)

**Forskriftsfreda kulturminne eller kulturmiljø**

Nemninga blir brukt om [kulturminne](#) som er freda ved forskrift og ikkje ved [enkeltvedtak](#). Dette gjeld bygningar og anlegg som er omfatta av ein statleg verneplan, og som var i statleg eige då dei vart freda. Dette gjeld og [kulturmiljø](#).

Forskriftsfreding er ein enklare prosedyre enn freding ved hjelp av enkeltvedtak.

**Vedtaksfreda kulturminne**

Eit vedtaksfreda [kulturminne](#) blir freda gjennom vedtak etter kulturminnelova eller svalbardmiljølova.

Vedtaksfredingar etter kulturminnelova kan omfatte alle typar kulturminne yngre enn 1537, ståande byggverk yngre enn 1649, kulturmiljø og farty. Vedtaksfredingar etter svalbardmiljølova kan omfatte kulturminne yngre enn 1945.

#### **Tiltakshavar**

Ein tiltakshavar er den som har det overordna juridiske ansvaret for gjennomføring av tiltak.

#### **Universell utforming**

Innan kulturminneforvaltninga inneber universell utforming at kulturminnet blir gjort tilgjengeleg for flest mogleg.

Dette inneber tilrettelegging for besøk og/eller tilrettelagt formidling av kulturminnet sin kunnskaps- og opplevingsverdi.

#### **Verdiskaping**

Verdiskaping i ein vid meining fortel korleis kulturarven kan aktiviserast som ressurs i arbeidet med å skape både økonomiske, sosiale, kulturelle og miljømessige verdier.

#### **Istandsetjing**

Reparasjonsarbeid for å få ein bygning, del av ein bygning eller eit anna objekt opp på eit ordinært vedlikehaldsnivå, slik at berre vanleg vedlikehald vil vere nødvendig seinare.

Ei antikvarisk istandsetjing inneber at reparasjonen blir basert på bruk av materiale og teknikkar tilpassa bygningen eller anlegget sin eigenart.

#### **Konservering**

Konservering av eit kulturminne tyder at ein sikrar det så godt som mogleg mot øydeleggingar. Desse øydeleggingane kan vere på grunn av naturleg nedbryting eller menneskelege inngrep. For bygningar brukar ein vanlegvis ordet istandsetjing.

#### **Restaurering**

Restaurering tyder å heilt eller delvis tilbakeføre ein bygning eller gjenstand til ein tidlegare tilstand.

Ved restaurering må ein velje kva tidspunkt kulturminnet skal tilbakeførast til. Det kan vere slik det var då det vart laga eller oppført, slik det var på eit seinare tidspunkt eller ein kombinasjon av ulike stadium.

#### **Sikring**

Sikring vil seie alle tiltak for å verne kulturminne og kulturmiljø mot skade og tap. Sikring kan mellom anna dekkje istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel, dokumentasjon og juridiske tiltak. Sikring kan og skje ved arkeologisk utgraving for å ta vare på kunnskapsverdien til kulturminnet.

#### **Skjøtsel**

Regelmessig vedlikehaldstiltak, for eksempel pleie av vegetasjon for å ta vare på eit kulturminne og/eller eit kulturmiljø. Vedlikehald av eventuelle skilt, stiar og rampar går òg inn i skjøtselomgrepet.

#### **Vedlikehald**

Rutinearta arbeid for å hindre forfall på grunn av jamn og normal slitasje.

### **5.3 Kjelder : brukt i arbeidet med kulturminneplanen, og kjelder der du kan finne meir om kulturminne i, eller funne i, Hornindal**

- <http://www.fylkesarkiv.no/>
- [Sogn og Fjordane Kunstmuseum \(Anders Svor\)](#)
- <http://www.unimus.no/>

- [Universitetsmuseet - registreringar i Hornindal Bergen Museum](#)
- [http://www.dokpro.uio.no/arkeologi/fett/fett\\_ramme.html](http://www.dokpro.uio.no/arkeologi/fett/fett_ramme.html)
- <http://www.riksantikvaren.no/Veiledning/SEFRAK>
- <http://www.miljostatus.no/kart/>
- <http://fylkesatlas.no/default.aspx?gui=1&lang3>
- [askeladden](#) [www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no)
- [www.nordfjord.no](http://www.nordfjord.no)
- [www.nrkarkivsogfj.no](http://www.nrkarkivsogfj.no)
- [www.nordfjordfolkemuseum.no](http://www.nordfjordfolkemuseum.no)
- [www.bergenmuseum.no](http://www.bergenmuseum.no)
- [Landsdekkande visning av sentrale datasett. Kulturminner, historie og fakta frå Kulturminnesøk \(Riksantikvaren\), Digitalt Museum, Universitetsmuseene, Digitalt fortalt, Lokalhistoriewike, Folketellingen 1910 \(Digitalarkivet\), Verneområder, Lokalhistoriewiki og Wikipedia.](#)
- [Kultuhistorisk leksikon, Fylkesarkivet](#)
- Nasjonalbiblioteket [nb.no](http://nb.no)
- [fylkesleksikon - allkunne.no](http://fylkesleksikon-allkunne.no)
- Historisk årsskrift – Hornindal Historielag – (30 utgåver i 2015)

#### **5.4 Ulike databaser og nettsider som er viktige no og i vidare arbeid med kulturminneregistrering og forvaltning.**

[www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no)

[ww.riksantikvaren.no](http://www.riksantikvaren.no) [askeladden](#)

<http://www.sfj.no/lokale->

[kulturminneplanar.339458.nn.html](http://kulturminneplanar.339458.nn.html)

<http://www.riksantikvaren.no/Prosjekter/Kulturminne-i-kommunen/Haandbok-for-lokaleregistreringer>

## **5.5 Tilskotsordningar**

### Økonomiske støtteordningar

Freding eller vern vil i seg sjølv kunn gje avgrensa beskyttelse for det enkelte kulturminne. Det aller viktigaste er at eigar sjølv er positiv og motivert for å ta vare på kulturminnet, noko som gjerne krev både kunnskap og økonomiske ressursar. Det er derfor viktig at kulturminneforvaltninga på alle nivå legger til rette for dette.

Det finnast ulike statlige tilskotsordningar som eigarar av kulturminner kan søke på. Riksantikvaren sin post til freda kulturminner, SMIL, RMP, Sametinget og Norsk kulturminnefond. I tillegg kjem nokre private ordningar som stiftelsen UNI mfl. Statlige og regionale tilskot dekker midlertidig kunn ein mindre del av kostnadene knytt til skjøtsel, vedlikehald og restaurering. Det er derfor viktig at kommunar fylgjer opp med lokale ordningar, spesielt til forprosjekt som i neste omgang kan utløyse sentrale midlar.

<http://www.riksantikvaren.no/Veiledning/For-eiere-av-fredete-bygg-oganlegg/Tilskuddsordninger>

<http://www.kulturminnefondet.no/content/1108981254/Soknad>

### **Råd og veiledning**

Eit av dei viktigaste virkemidlane er å sørge for at eigar har tilgang på gode råd og god rettleiing. Dette gjeld både korleis dei praktisk skal ta vare på kulturminna på best mulig måte, korleis dei kan leggest til rette for bruk, og korleis dei kan søke om tilskot.

Kven kan tilby rettleiing? Kommunen, museum, Stiklestad nasjonale kultursenter og handverkarar med utdanning kan gi råd og rettleiing.

For kommunen er det effektivt å kunne gje folk støtte til planlegging, slik at dei kan kjøpe seg kompetanse frå handverkarar. Kommunen kan også invitere til kurs i aktuelle tema.

Nettsider som gir god rettleiing: bygg og bevar, trøndersk byggeskikk mfl.

## **5.6 Kulturminne som har vore tekne fram under arbeidet med kulturminneplan**


Det er kome fram opplysningar om, og forslag til kulturminne under arbeidet med kulturminneplanen. Både på møter i arbeidsgruppa, på inspirasjonssamling ved start, og på kulturminnekveldar. Som ein kan sjå finnast det mange kulturminne. Nokon er verdifulle for enkeltpersonar, nokon kulturminne finnast det fleire av og nokon få. Nokon representerer

utviklinga og ulike tidsepokar, nokon er materielle og andre immaterielle. Det meste her knyter seg til satsingsområda. Vi har fleire tema innan kulturarven som vi ikkje har kome så mykje inn på, t.d. matkulturen, idrettskulturen, hestebygda Hornindal for å nemne noko. Objekt som er nemnte i planarbeidet kan vere aktuelt å ta inn i handlingsprogrammet ved rulleringar. Opplysningane er ikkje nøyaktige og ein må kontrollere at det er rett dersom ein brukar notata i tilleggsopplysningane i vidare arbeid. Dette er noko som må gjerast i prosessen med å registrere kulturminne. Desse opplysningane, td referat frå kulturminnekveldar, er arkivert i kommunen.

Til slutt:

Alle kan definere kva som er kulturminne, og alle kan registrere kulturminne. Eit steg på vegen er å skrive ned opplysningar, filme eller lese inn på opptak. Ta gjerne foto. Det er utruleg mykje som kan definerast som kulturminne. I det offentlege rom er det viktig å ta vare på eit utval som kan representere ulike minner på ein best mogeleg informativ måte. Noko har internasjonal og nasjonal verdi, noko regional verdi, og noko har lokal verdi. Noko har verdi for mange og noko har verdi for få. Det offentlege har eit ansvar for å ta vare på kulturarven, og eigarar av kulturminne har eit viktig ansvar. I samarbeid kan ein skape levande lokalsamfunn med identitet og rike opplevingar på tvers av generasjonar. På [www.riksantikvaren.no](http://www.riksantikvaren.no) finn ein mykje informasjon om temaet. Vi som er her no er kunn ei lita brikke i tida, men vi er alle formidlarar av fortida, til framtida.

Takk til alle som bidreg med opplysningar og ivrar for å ta vare på kulturhistoria vår !



Bredvadbroyen/Storelvbroyen i Sindre-Øyane ein lun haustkveld i 2015 Foto. N.H. Holmøy-Wang

*«Frå bru til bru – vegen gjennom Hornindal  
Frå generasjon til generasjon –vegen gjennom  
kulturhistoria»*

....KULTURMINNE ER EIN IKKJE-FORNYBAR RESSURS... .

